

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 4



ÅRSSKRIFT 1989

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 4

ÅRSSKRIFT
1989

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1989

Innhald

	Side
Fyriord. Av Tor J. Skarprud	4
Om Kviteseidmarken og tråvkøyring i gamle dagar	5
Lønnegraff misjonsheim	11
Aslak prest	15
Omkring Hægefjell og Tarjeisberg	20
Uvêr av uvanleg slag og styrke	25
Leiv Tysland	29
Ei gamal familiebedrift på Skreosen	31
Brankandalen i Kviteseid	38
Nyland trevarefabrikk 100 år	40
Kjære søn!	42
Kviteseid Bygdetun	44
Björgulv Vassend	47
Koll med bila og ættlingane hans	50
Syng ut	55
Granlien	56
Lysingar	61

Fyriord

Det som hende i går er historie i morgon, heiter det. Og visst er det at mangt av det som hende før, har både interesse og verdi for oss og dei som kjem etter, og bør takast vare på.

Det var med tanke på det at Kviteseid historielag i 1986 tok til å gjeva ut «Gamalt frå Kviteseid». Heldigvis var mange interessera i dette og hjelpte til og skreiv. Me takkar dykk for det og bed dykk halda fram.

Og til dykk som veit om høvelege emne: Skriv, eller tak kontakt med oss.

Sist, men ikkje minst, takkar me teiknarane våre: Karin Larsen, Mari Lid, Solveig Muren Sanden og John Skarprud som skapte liv i dei gamle gubbane.

Sogenemnda har i år som tidlegare vore Harald Oppebøen, Arne Nordskog og underskrivne.

Tor J. Skarprud.

Om Kviteseid-marken og tråvkøyning i gamle dagar

Me veit ikkje når hestemarken i Kviteseid tok til, men ei samkøyning må det ha vore mellom marknadene i Kviteseid, Kongsberg og Skien. Kongsbergmarken er nemnd i 1740, og Skiensmarken i 1787. Etter gamalt skulle Kviteseidmarken vera andre tysdag i februar. Som eit døme tek me for oss året 1911. Då var Kviteseidmarken tysdag 14. februar, Kongsbergmarken tysdag 21. februar og Skiensmarken torsdag 2. mars. Det blir ei veker mellomrom. Dette trongst for at hestar og handlarar fekk tid til å reise til neste marknad.

Men opphavet til å kappast om kven som hadde sterkaste og sprækaste hestane går langt bakover i tidi. Eldste vitnemålet om hestekampar («Hesta-vig») er frå 1500-talet. Desse hestekampane og kappridingane («hesteskeid») heldt fram til ut i 1800-åri. I mange stadnamn finn ein minne om dette.

Dei kappreid til heilage kjeldur. Ei slik kjelde var Dalaspa på Dalen i Dalane. Andre joledag tok dei ut i otta, den eine tidlegare enn den andre. Dei reid som dei var galne. Kom fleire fram samstundes, så slost dei. Trui var at den som fekk brønne hesten sin fyrst, fekk beste lykke med husdyri i året som kom. Ei anna tru var at vatnet vart til vin. Andre joledag er Stefansdagen, og Stefan var hestepassar for kong Herodes, seier legenda. Stefan vart vernehelgen for hesten.

I ei oppskrift frå Kviteseid heiter det: «Kaldbekk æ ein bekk i Sonnbygdi ne med Holtan. I gamle dagar vatna dei hestane sine der joleftan. Dei hadde med seg øl, og drakk og slost av og te.

De Kallå-vatne, å du so godt
de gjere folen fljote.
De va kje te de goe, de
sill' den jolehylen trjote.
Dei jolefta'ar på Kallå-voll
krukar so mang ein ruggje.
Hev hesten drukke, dei drikke te
kvorare av trøys å buggje.»

Litt uventa er det her joleftan og ikkje andre dag jol, som er nemnd, endå det tydeleg er same skikken.

Slik lyder fyrste versi av «Marknaden», ei vise som er skriven av Haakon Lie frå Fyresdal:

- Ja, no hev me kome på marknaden, gut!
- Og no vil me huve og kyte,
og dansa til gjentune dett som ein klut
og drikka til tunnune tryte!
- Og sjå um me treffer den karen frå Skor
som selde den halvblinde gampen
til meg, då eg var her på markna'n ifjor
for no vil eg dengja den slampen.
- Å hau, det er moro! Men vett'ren var drjug,
eg sat der og morkna som stuvn,
og klemdest for bringa. Eg kjem 'kje i hug
når sist eg fekk slept or meg huven.
- Ja, no vil me tura til tarmane gjel,
og det skal ver' lova og banna
at no vil eg slå Olav Bykle ihel
for den rispa han gav meg i panna!

Han har nok råka noko typisk, for både opptakten og det mange venta seg av den gamle marken: Ein fest i kvardags-slitet, men også nevarettens tid.

Det var ofte sprakande kaldt markensbel. Eit år var det 25 kuldegrader. Då fraus ølet. Folk stod rundt omnen for å tine det. Men dei som ikkje hadde tid til å vente, slo sund flaskene og åt øl-is. «Men endå måtte me betale 45 øre flaska for det botnklaka ølet,» fortalde ein som var med. Men eit anna år pløgde dei på Kyrkjebøen markensdagen. Aasmund Vinje skriv om eit år då Storegut var på Kongsberg-marken:

Til marknads for Storegut ein gong eit år.
Det var endå det året her var slik ein vår.
Då me rodde til kyrkja den tjugandag jol,
og ved sumarnett gauken i liane gol.

Og det var i Edland. Det kunne vera «rare» vintrar før òg.

Til marknads kom dei med hestedrifter over Haukeli frå Nordlandet – Suldal, Røldal og Hardanger. Dei bruka trug over viddi. Enno minnest eldre hestekarar i Kviteseid namnet på fleire av desse hestehandlarane. Det var Skjervheimane frå Voss, Gunleik Saltvoll frå Røldal og karar frå Espe, Sekse og Opedal i Hardanger. Gunleik Saltvoll hadde ein gong 14 hestar med seg, fortel dei. Åsmund Bjørnflatin hugsar frå han var smågut at det kom lange reip av hestar ned Dalane. Fremst køyrde ein kar i sluffe, og så fylgde ei rekkje med laushestar med grime. Dei var bundne etter kvarandre i halen til hesten føre. På Bjørnflatin fekk karane kjøpe kaffe.

Torjus Loupedalen har ei målande skildring av når handelskarar frå dei øvre bygdene i Telemark – fjøllmennan dei kalla – overnatta på veg til marken. «Tunet var som ein trandel, full av holke-leste sledar, kneggjande gamp og huvande karar på hiven i lette hudsko og med høyrusk i trøya – her handla, drakk og slost Eddankarane og Ormekvålane, kjytte frikar og tok tak. Av og til lyste friske blodfår i veg og braute. Ein ram og frisk gufs av hest og stall og fisk og skinn osa gjennom dynnar og tun . . .»

Alle stallar var opptekne, ja, dei var tinga bort lenge før marken. Like eins vart alt stallrom på gardane frå og med Lundevall og heilt ut til Utsund teke i bruk. Elles kom folk frå aust og vest ikkje berre for å handle, men for å treffe skyldfolk og kjenningar og for å røda.

«Og der er det svenskar og tater og finn,
og utmennar heilt ifrå Bamble,
som tingar om krøter og kauper upp skinn,
og hestar båd' unge og gamle!»


heiter det i marknadsvisa av Haakon Lie.

«Det var fullt av folk i gata frå nordom garveriet til opp i svingen ved banken,» fortalde ein mann for nokre år sidan. Han mintest lensmann Sandvik med hjelpesmennene Olav Ståland og Gunnar Ståland («Målar»), alle med politiluver på hovudet, vandra opp og ned gata. Det kunne også vera politi frå Skien. Ein politimann som heitte Bjørbekk var her. Det var ein rusul så stor og svær. Var det glatt, gjekk dei på broddur.

Kaffe, mat og suppe var å få kjøpt hjå Aslestad (huset der sylvsmed Aabø bur no). Det var noko av eit sentrum under marken. Her var skyss-stasjon med 2-3 hestar. Dei hadde sauer. Elles var her rone-stasjon og fyllearrest i andre enden av uthuset. Bytehandel av klokke og anna var det både inne og ute. «Eg minnest Halvor Borgja frå Bø dansa med Bergit Aslestad ein kveld,» fortalde ein mann. Hans Smeland spela hardingfele. «Du hev ei ven kjering,» sa Borgja'n til Talleiv, mannen hennar, då dansen var slutt. «Nei, no er ho ikkje so ven'e, men førr var ho kalleg ven'e,» svara Talleiv. Bergit og Talleiv var frå Fyresdal.

Torvild Bjåland var jamt på marken. Han var ein morosam kar, kvad gamle visur og fortalde reglur og rispur. Så kunne lensmann Sandvik koma busande: «No fær du slutte med denne gaulingi, Torvild». Men Torvild var like blid og snart sette han i med ei ny vise. Jens Bolling skreiv ned mangt etter Torvild.

Marken varde i to dagar, ja jamvel til tredje morgonen. Men tråvkøyeringi var fyrste dagen, og då var det mest folk. Knut Meinstad fortalde om Bratli-musen. Det var ein som heitte Bratli på Kyrkjebøen som åtte denne hesten. Bratli-musen tråva heile Sundkilen innerter i strakt tråv, skriv dyrlekjar Sommerfeldt. «Det var som å høyre ein slå på tromme når Bratli-musen sprang på isen,» fortalde Knut Meinstad. Dette var midt på 1800-talet. Men tråvkøyering på Sundkil-isen



«Normennene» kom vestfrå.

var det nok før den tid. Desse kappkøyringane var vel meir tilfeldige. Det blei køyrd på rett bane ofte tvers over Sundkilen.

Det norske travselskap vart skipa i Kristiania i 1875. Fyrste tråvbanane var beine, så fekk dei lagt til ein sving, og til slutt vart dei ovalforma og som regel tusen meter lange. I mars 1883 vart «Øvre Telemarken Travelskap» skipa. Kjøpmann Olsen i Seljord vart fyrste formannen. O. S. Groven frå Kviteseid og lensmann Knudsen frå Seljord var med i styret. Fyrste organiserte tråvkøyring på desse kantar blei halde dette året. Banen var tusen meter lang og med ein sving.

Mellom dei som merkte seg ut i denne fyrste tidi var O. S. Groven med hesten «Telemark». Groven køyrde landevegen til Kristiania og fekk premie på Frognerkilen og «hæderlig omtale for staut hest» av kong Oscar II. Reglar for tråvkøyring vart sette opp i 1883: Huving og skriking og bruk av svepe var forbode. Folk vart oppmoda om å ikkje taka med hundar på isen og ikkje skape uro under køyring. Plassen mellom banane var berre for domarane. «Til tribunen og sadelplassen er kun adgang for selskabets medlemmer med damer», står det.

Etter nokre vingleår blir tråvkøyring frå 1890 halde årleg i Kviteseid på Sundkilen eller Kviteseidfjorden. J. W. Wriedt og Gunleik Saltvoll m.fl. kom med



Styret i Kviteseid tråvlag 1933.

Fyrste rekkje frå venstree: Wilhelm Florentz, Sig. Sommerfeldt.

Andre rekkje frå venstre: Reidar Florentz, Tov Midtsund, Otto Lund og Sv. Lundevall.

framlegg om nytt namn på tråvlaget i 1900. Namnet vart no «Kviteseid og Omegns Travelskap». Køyringi skulle vera andre tysdagen i februar kvart år og i samband med hestemarken. Årskontingenten var ei krone for kvart medlem. I 1903 blir namnet «Kviteseid Travelskap». Vrådal, Brunkeberg og Seljord hadde no fått eigne tråvlag.

Det var folksamt på Sundkil-isen ein tråvtysdag i dei tider. Dei køyrde i jagarsledar og sluffer frå fyrst av, seinare kom spiss-sleden med bøygde tråvarskjæker og fotbrems på meien slik at dei ikkje skreid i svingane. Sulkyen kom endå seinare. I 1883 fekk Halvor Borgja frå Bø beste tid med hesten «Sylfiden». Fyrste premien var 25 kroner, I 1901 sette han banerekord på Sundkilen med hesten «Sylfiden II». Kilometertid var 1.47.3. Denne rekorden var ikkje slegen så seint som under 50 års jubileet i 1933.

Om kvelden etter køyring vart det tråvarseksa på Kviteseid hotell. Ein gong leidde Halvor Borgja hesten sin inn i hotell-salen og skjenkte han ein bolle med øl. Verten blei sint. Det stod merke etter hesteskorne heile golvet bortetter. «Eg er god for å betale hotellet og heile hyttebyen,» meinte Borgja'n. Det finst mange soger og gode replikkar frå markenslivet.

Frå bygdene rundt ikring møtte tråvkøyrarane fram. Ein kan nemne namn i fleng: Staurheim, Eikja, Grave og Borgja frå Bø, Lindheim, Kise og Bergan frå Nes, Landstad frå Flåbygd, Nielsen frå Seljord, Nordbø og Fjalestad frå Nissedal, Gåstjønn frå Skafså, Veum frå Fyresdal, Fossli frå Dalen. Hestar stilde opp frå Drangedal og Tørdal, frå Hjartdal og Heddal, frå Vinje, Rauland og Lårdal, ja, heilt frå Gjerpen og Skien.

Talet på hestar kunne vera noko ulikt frå år til år. I 1890 var det med 24 hestar, men året etter var 42 hestar innmelde. 38 tråvarar stilde opp i 1893. I 1901 var 34 hestar og i 1911 var 22 hestar med i kappkøyringi. Til 50 års jubileet i tråvlaget i 1933 stilde 25 hestar til start.

Of desse hestane hadde mange klangfulle namn. Høyr berre desse hestnamn ein finn i protokollen: Odin og Sleipner, Balder og Grane, Telejenta og Frikar, Sundbø-rauen og Roeid-bruna, Fjølloguten og Gubben, Halvdan Svarte og Frøy-fakse, Leiv Dagsson og Tove Trollstogu, Storegut og Veslefrikk, Fjellrosa og mange, mange andre har tråva på Sundkilisen fram gjennom åri.

Det vart kjøpt inn vandrepokal i 1903. Pokalen måtte vinnast av same hest tre år etter kvarandre. Fyrste napp i pokalen fekk Olav Nordbø frå Nissedal med hesten «Kurko». G. Lindheim frå Nes vann vandrepokalen til odel og eige i 1917 med den kjende hesten sin «Astrid». I 1918 vart tråvkøyringi innstilt på grunn av rasjonering.

Men me må ikkje gløyme hestekarane og hestane frå Kviteseid. Olav Sudbø frå Morgedal hadde to tråvarar på banen i 1904. Ein av dei var «Morgedølen» som fekk andre premie. Sudbø'n starta i smalsleden og med oppknappa stutt-trøye og sylvknappar i vesten, heiter det. Reidar Florentz fekk i 1925 ei kilometertid på 1.48 med hesten «Lillemor». Dette var berre 7/10 sekund etter banerekorden frå 1901. I 1932 greidde hesten «Gullfly», som O. T. Lundevall åtte 2.18 på kilometeren endå hesten var berre halvtanna år.

Veret kunne skapa vanskar. I 1922 og 1924 var tråvkøyringi på Kviteseidfjorden, i 1929 i bukt ved Uthomman og i 1935 måtte køyringi setjast ut til 24. mars, og banen var då ute ved Viki. I bladet «Fremskridt» i Skien den 3. februar 1926 står det om istandsetjing av tråvbanen på Sundkilen til 9. februar. Det var veldig mykje snø, 70–80 cm djup ute på isen. Banen skulle vera 800 meter lang og 4,5 meter brei. 3.000 m³ snø måtte vekk rekna dei ut. Snøkantane blei 3 meter høge. Oppå dei skulle tribunane byggjast. «Interessert sportsungdom arbeider under ledelse av den kjende travsportsmand og gaardbruker Reidar Florentz,» står det i avisa. I ei etterskrift står det at då halvparten av arbeidet var ferdig, sprang det opp eit åthol som sette banen 70 sentimeter under vatn. Køyringi måtte førebels setjast ut. Ved Spjotsodd var heller ikkje isen brukbar. 21. mars same år blir tråvkøyringi halden. Då må tilhøvi ha betra seg.

I 1912 fekk Vetle Kallåk 15 kroner for brøytingi. Banen skulle vera 6 alner brei. Midtbøen-karane fekk arbeidet med moking av banen på Sundkilen i 1931.

Breidda på banen skulle no vera 5,5 meter og lengda 1.000 meter. Prisen var 50 kroner. I 1932 var isen spegelblank og 10 tommar tjukk til marken den 9. februar. I 1933 var tråvlaget 50 år. For fyrste gong vart banen rydda med bilplog og breidda vart heile 12 meter. Frode Torp Hansen fortel at dette året kom doktor O. Utsond med framlegg om at namnet burde verta «Kviteseid Tråvlag». Doktor Utsond var mykje brukt som domar på tråvkøyringane. Frode minnest at professor Gunnar Utsond, bror til doktoren, tala kvast imot, men framlegget gjekk likevel gjennom med stort fleirtal.

Dette skulle vera ei skildring av hestemarken og tråvkøyring i gamle dagar. Då høver det å setja strek då trettiåri slutta.

John Skarprud

Lønnegraff misjonsheim

Lønnegrav er ein gamal gard og var frå fyrst av ein mykje stor gard. I Kviteseid bygdesoge bind I og III finn ein mykje om garden i eldre tider.

Her vil ein ta for seg saga om garden som misjonsheim. Dette byrja då pastor Gunnar O. Dahle kjøpte garden sist i 1880 åra.

Kring 1890 sette Dahle i gang stort byggearbeid på Lønnegrav. Han flytta sjølve bustaden lenger opp og bygde den store 3 etasje bygningen med store solverandaer. Stort uthus vart også bygd, og det gamle stabburet med årstallet 1770 vart flytt opp. I samband med mur til hovudbygget og uthuset, og for å få eit greit og lagleg tun, vart det bygd ein kjempemessig stor mur av hoggen stein, som framleis er imponerende. Det var andre tider og andre pengeverdiar på den tid, og det var hardt å vere fattig. Men pastor Gunnar Dahle måtte vere godt situert etter den tids målestokk. Hans Lønnegraff (eigar av Øvre Lønnegrav) og seinare Torgeir Strånd, fortalde at den store muren vart burtsett på akkord for kroner 600, til murar Halvor Lislekås. Han klara seg ikkje på akkorden og måtte slutte.

So overtok ein Nissedøl akkorden. Han heitte Halvor Sunde, og heller ikkje han klara seg, og gjekk so over på dagløn. Torgeir Strånd fortalde at bestefar hans, Olav Strånd, kjøyrde stein med hest i vekevis. Muren er bygd av grov granittstein, sokalla Lønnegravstein. Rett opp for tunet ligg eit jorde (no attgrodd) som vart kalla «Grisehagen», av di ættene før hadde bruka staden til å ha grisane inngjerde her, gjerne med steingjerde. Her vart nå henta stein og fyllmasse til det store tunet. Når eg no har nevnt «Grisehagen» tek eg likesogodt å nevner namna på dei andre jordflekkanne som var i bruk. Kvar jordlapp hadde sitt navn. Jon Bakkan er mi kjelde her. Han er 78 år og har eingong pløgd opp alle jordstykkane. «Storåker» er den største. Dette er ein fin og javn åker, på over 5 dekar med god jord.

Den vart rekna som den beste i bygda. Den ligg rett ned for det gamle hovudbygget og fylgjer grensa til Øvre Lønnegrav. Deretter «Brattåker», no tilplanta med grån. Her vart det i min ungdom arrangert skirenn, og tidlegare vart det også dyrka poteter. Det vart eingong hausta 70 tonn, fortalde far. So har me «Sørjordet», like bak «Fjellvang», og med rensanlegget for internatet. Til venstre nede i «Sørjordet» ligg «Hægesåker». Og til venstre når du kjører inn til «Fjellvang» står ei liti furugruppe, der var «Bergåker». Bak uthuset oppe på flata låg «Smieåker».

Gunnar O. Dahle var fødd 13. november 1847, og budde på Dahle i unge år. Han var ein ungdomsven av pastor Reinert Svendsen, den eldste onkel av forfatteren av dette stykke. Dei var nokonlunde jamgamle, Reinert var fødd i 1849. Eg har to brev som G. Dahle skreiv til Reinert i 1863, der han skreiv at han har planar om å la seg konfirmere. Han gjeng då på realskule i Kviteseid og fortel om dette, om fag, lærarar m.m.

Det var mykje tuberkulose (tæring) på bygdene på denne tid. Heile eller halve familiar strauk med, og det vart fortalt at Gunnar Dahle fyrst hadde tanke om eit tuberkulose-sanatorium med den store bygningen. Men mange, særleg innan familien, var sterkt imot på grunn av smittefaren. Soleis gjekk bygdesnakket. I fylgje sogeskrivar Torjus Loupedalen skreiv Gunnar O. Dahle testamentet i 1904. Der gjeng det fram at heile garden med hus og jord og skog skal gå vederlagsfritt til Det Norske Misjonsselskap, Stavanger. Dette var ogso det mest naturlige med hans innstilling, blant anna som formann i det lokale misjonslag m.m. (Fullstendig biografi av Gunnar O. Dahle er skrive av John G. Steane og står fremst i gjesteboka her på Fjellvang.) Samtidig gav han burt dei tri husmannsplassane Bakkan, Flaten og Kåsa, so dei vart sjølveigarbruk. Testamentet vart sett i kraft etter hans død i 1911. I året 1916 selde Misjonsselskapet fra skogen på 6.000 mål for 150.000 kroner til Johan Strånd. Att er 14 mål dyrka areal, 6 mål natur-eng og 250 mål skog. Dette vart skrive i 1962, so det dyrka arealet er sterkt redusert no. Misjonsselskapet tok straks eigedomen i bruk, og kvar sumar var det folksamt på Lønnegrav. Der kunne vere upptil 50–70 gjester i dei mange romi i hovudbygningen og staburet. Misjonsselskapet bygde ogso ein bygning sud i skogen, «Fjellvang» er navnet, men den vart ogso kalla «barneheimen», avdi barnefamiliar helst vart plassert her.

I mange år hadde Misjonsselskapet bruksmann på Lønnegrav. Den fyrste var Knut Eilefsen frå Kviteseid, i tida 1911–16, deretter Johan Strånd fram til 1922. Etter han Olaus Straumsnes i 10 år, fram til 1932. So kom Andreas Holtan som bruksmann og paktar. Han budde i den sokalla «Smia», som vart ombygd til bustad. Den hadde før vore gardsmie. Leiga for garden var rimeleg. Kva den fyrste bruksmannen betalte, veit eg ikkje. Men den andre, Johan Strånd, leverte mjølk om sumaren frå støylen Bergstøyl, der dei sat med kyr. Den tredje leigaren av garden skulle halde Lønnegrav med kunstgjødsel for kr. 100.

Når Andreas Holtan kom som forpaktar, var det mjølk og poteter for ein tilsvarande sum. Holtan hadde tidlegare vore gardstytar på Steane. Han hadde flytta frå Porsgrunnsområdet, avdi han hadde blitt omvendt og ville kome vekk frå sitt gamle miljø. John G. Steane var den lokale styreformann og kasserar i mange år. Med seg i styret hadde han ei tid Emil Birkelid, Østtveit (skulestytar på Sagavoll) og Hans Øy, Vrådal. John hadde i mange år ein privat kolonialforretning, og hadde vareleveransen til Lønnegrav. Han ordna ogso med tømmerhogsten og diverse anna arbeid som måtte gjerast. Tarjei Brotli fekk jobb som vedhoggar. Han var kjent for å vere svært doven, men daglønna var vel deretter. Han røykte pipe, men gløymde å halde den i fyr, og måtte so i einingi tenna på. Dei sa at fyrstikkhaugen var like stor som vedhaugen om kvelden. Men vareleveransen frå John G. Steane måtte transporterast fram til Lønnegrav, og eg trur Tarjei Brotli var den fyrste som utførde dette. Ei vanleg handkjerre var transportmidlet. Etter Tarjei Brotli var det Mikkel Lauvstad som hadde denne jobben. Hushaldet på Lønnegrav var billig i mi ungdomstid, endå dei leigde både kokke og jentur til vask og servering. Dei dela fellesutgiftene og det kunne bli rundt kr. 3,50 pr. person. Hæge Tangen var vel den som var lengst kokke på heimen, men ogso Gudrun Rui og Sigrid T. Strånd var her fleire sesongar. Det var svært populært å jobbe på Misjonsheimen, so det var nesten uråd å få enkelte til å slutte om dei blei gamle og skrale. Elles var det ein husfar som var sjef på internatet, og styrde den daglege rytmen. Det var helst ein av dei eldre misjonærene som hadde dette vervet. Soleis gjekk åra framover med fulle hus om sumaren, men ingen trafikk om vinteren. Husa var nokso kalde. Men i dei siste ca. 30 åra har Misjonsselskapet drive med påskeleirar for ungdom, og dei vart både populære og fullteikna alle år. Med på leirane var det 2–3 leiarar, blant andre emissær Gjermund Verpe, men ogso heimeverande misjonærar. Det underskrivne hugsar best frå påskeleirane, var møta på Vrådal Bedehus Skirtorsdag, arrangert av Misjonsselskapet og med sterkt innslag frå leiren på Lønnegrav, og messa i Vrådal kyrkje med massealtergang 1. påskedag. Det var imponerande samlingar.

I vinterferien 20. februar 1979 var 29 kristenruss frå Skiensområdet på leir i hovudbygget på Lønnegrav. Det var ein sær kald vinter, og det blei sprengfyrar dag og natt for å få det nokonlunde varmt inne. Og så gjekk det gale. Klokka godt 22 ringde telefonen. Det hadde byrja brenne bak peisen på Lønnegrav. Det var ein løynd feil i peisen som var støypt saman med brannmuren på andre sida av veggen. Og så var det holrom mellom, og dette gjekk opp på loftet.

Brannmannskapet og lensmannen var utruleg fort på plass. Brannbilen hadde tanken full av vatn. Dei hogg hol i veggen og sprøyta inn vatn, men då varmen slo opp i loftet og snøraset kom, nekta brannsjefen folk å gå inn i huset. Då var det berga ut ein god del, m.a. boksamlinga, pianoet, ein verdfull kubbestol og andre møblar. Då vatnet i tanken tok slutt, var det bare å stå og sjå på at det 200



Lønnegraff misjonsheim før brannen i 1979.

år gamle loftet og dei andre husa brann ned. Alt var nedbrent etter tre timar. Dei 29 studentane fekk husrom rundt i bygdi.

Bygningane var fullverdiforsikra. Misjonsselskapet tenkte å bygga oppatt og større, men det var uråd å få pengar til dette, og planane måtte reduserast i høve til dei midlane ein fekk av forsikringa og av dugnadarbeid. Fyrst vart Fjellvang og Smia sette i stand. I desse byggi er det omlag 35 sengeplassar. Det synest vera ein lagleg storleik. Der er både elektrisk- og vedoppvarming båe stadene. Dei som har vore der, er svært godt fornøgde og kjem att. I dei seinare åra er det lagt opp til sjølvhushald både med matstell og reinhald. Det vert på den måten eit rimeleg opphald som høver både for skuleungdom og andre. Då det var usikkert med vatn, har ein bora djupvassbrønn, både til Smia og Fjellvang.

Det er uvisst kva namnet Lønnegrav kjem av. Det er nevnt på den løynde grav eller lunden i grovi. I vår tid har namnet blitt endra til Lønnegraff som familienavn.

Sigmund Straumsnes

Aslak prest

Det fyrste eg høyrde snakk om presten, var det berre ein person å tenkja på, *presten Bergland*, som dei sa heime. Mange av slektningane hans i bygdi omtala han Aslak prest. Det var vel vanleg på den tidi å kjenna ein ageleg vyrdnad for presten. Når ein gut frå ein av gardane i bygdi hadde kome seg fram til ei slik stilling, var det ikkje til unngå at han blei sett på med beundring og stolte kjensler. Og når så denne sambygdingen hadde vore og var ein slik fargerik personlegdom som Aslak prest, måtte han bli litt av ei myte og eventyrfigur alt i levande live. Minnet om han og forteljingar om kva han gjorde og sa, gjeng på folkemunne den dag i dag. Ikkje bare i Morgedal og Kviteseid, men også andre stader der han budde og hadde sitt virke.


Eg minnest presten som ein breid og høgreist mann med eit stort og stridt hake-skjegg og eit kvasst blick som såg beint på ein og liksom granska og forstod alt og alle han vende augo mot. Seinare, då eg som vaksen såg han att, la eg merke til det «glibelege» ved augo hans. Ustansleg skifte uttrykket hans frå djupt alvor til barokk humor. Eg trur han hadde eit sant kunstsinn.

Det var visst på «eksamen» i den gamle skulestogo på Venehaug eg fyrste gongen opplevde presten på nært hald. Det var fyrste skuleåret mitt som var slutt og siste skuleåret for Knut Loupedalen. Aslak Bergland var formann i skulestyret og derfor var han ekstra interessera i å vera tilstades ved avslutningstilstellingane i flest mogeleg av skulekrinsane, blei det sagt. Det var vel vanleg at presten skulle vera med i slike høve, om han så ikkje var formann. Det eg mest la merke til ved sida av sjølv mannen og den staute og vyrdelege haldninga hans, var måten han snakka på. Det var nok bygdemål, men samtidig var det slett ikkje det. Han hadde så mange og merkelege ord, og så tala han med slik «salving» og song i mælet og med stort trykk på alle endestavingar, at det vart liksom noko opphøgda og overmenneskeleg over det heile.

At han tok over heile religionstimen, som kom fyrst, var vel som alle venta. Det var gamal tradisjon at presten skulle røkje etter at ungane hadde fenge inn den lærdomen det kravdest. Men etter som dei kom inn på andre fag, gjekk det på same måten.

Men det er frå mine seinare skuleår på Venehaug og med Johans som lærar, at eg hev dei friskaste minni om korleis presten overtok heile forestilling, også i dei meir verdslege fagi.

Eg minnest særskilt korleis han grov og spurde for å få greie på kva me kunne i gramatikk. Johans var tolleg flink i det faget, men det var nok ikkje lett å få elevane med på dei notene. Eg var visst eit unnatak slik. Og det året eg helst minnest, blei det Marit Sollid og eg som berga æra for Johans i det faget. Særleg køyrde han meg lenge, og eg var både stolt og brydd då han avslutta slik: «Ja,



Aslak prest.

Olavus Hallvardi Lido, dersom eg kunne havt deg med meg til ei skrubbhøvling ein månens tid eller so, trur eg mest det stille bli ein klyppar av deg.»

Det var ikkje tilfeldig at det nettopp var gramatikken Aslak engasjerte seg i, ikkje norskfaget generelt, ikkje «leseferdigheten» heller, som frå gamalt av hadde vore ei hovudmålsetjing i folkeskulen. Det hadde kanskje samanheng med hans kontrære standpunkt i målspørsmålet. Aslak Bergland var riksmålsmann og såg med uvilje og mistru til alt målstrev. Det kom kanskje av at han hadde starta skulegangen sin med å leggje av heimemålet sitt og kjempe seg til den same tame og hagleik i å bruke dansk som skulekameratane og for så vidt også lærarane hans. Han meinte vel som så mange andre bygdeungdomar at det var uråd å vinne fram på like fot med sine medtevarar utan å beherske det som den gongen blei godkjent som «dannet sprog», og det kravde slik innsats at ein ikkje kunne sløse burt kreftene med å lære den særnorske målformi. Det var rett nok den målformi han bruka i den daglege omgang med folk og styremakter, og dialekten kunne han så godt som nokon. Men eg trur nok han hadde den innstilling at dette tale-målet ikkje høvde så godt til høgtidelege handlingar, særleg ikkje til kyrkjebruk.

Då det i si tid var spørsmål om å innføre nynorsk liturgi i Brunkeberg kyrkje-lyd, gjekk han likevel med på det, men han ville ikkje taka på seg å preike på nynorsk. Han lova til slutt at han skulle tala bygdemålet sitt så godt han kunne, men sa han måtte bruke dei omgrep og vendingar han hadde frå sitt teologiske

studium der det trongs. Dette godtok kyrkjelyden, men ikkje alle var like glade for det. Ein av dei som stemte mot, var Knut Loupedalen. Han gjorde det fordi han syntes det blei å skjemma ut bygdemålet om ein blande det opp på den måten.

På denne bakgrunn var det nok naturleg at det var gramatikken han var mest oppteken av på skule-eksamen. Det var gramatikken som hadde vore den fyrste hindring han sjølv hadde hatt å forsere. Og han var overtydd om at utan eit nokonlunde solid kjennskap til gramatikk og analyse, var det uråd å lære språk. Det hadde han sjølv sagt rett i. Og i gramatikken ville han ha dei latinske namn på ordklasser og andre omgrep.

Det er ikkje stort eg minnest frå Aslak Berglands gudstenester. Eg minnest hans salvingsfulle måte å tala på. Det var som han song med han preika, men deklamera i staden for å messe ved altaret. Dei vaksne sa han var ein gluping til preike. Og dei la gjerne til at han sjølv prøva å leva etter det han lærde. I hovudsaka i alle fall. Som eit døme på dette minnest eg noko far fortalde frå den tid han hadde vore medlem av likningsnemndi. Dei hadde vanskar med sjølvmeldingane frå presten, men vanskane var av det motsette slaget av det som var vanleg. Han gav opp slike inntekter av gardsdrifti på prestegarden at dei var redd han skadde seg sjølv. Det same galdt andre meir skjønsmessige postar. Dei måtte rett og slett redusera påstandane hans. For det var liksom ei kjend sak at han sat heller trøgt i det, i det heller magre kallet og med den store barneflokkjen han hadde å hjelpe fram. Det var også kjent at han var svært gavmild. Ingen gjekk tomhendt frå prestegarden om dei gjekk dit og klaga si naud.

Nei, det er ikkje frå kyrkja eller andre kyrkjelege handlingar eg minnest Aslak prest. Det er frå dei mange talur og foredrag han heldt i ungdomshuset og av og til i private lag, at hans fargerike personlegdom retteleg fekk falde seg ut.

Me hadde møtt han i leseboki me bruka i folkeskulen, Andreas Austlids lesebok. Der stod det mykje om Sondre Norheim og bragdene hans på ski. Desse stykki var i hovudsaki basera på ein diktsyklus som Aslak Bergland hadde skrivne som ung student. Desse versi var skrivne på bygdemål, og dei lærde me utanboks av pur sjølvbyrgskap. Det var mykje om Sondre og skiløypingi i gamle dagar han underheldt med i ungdomshuset og elles.

Og når han slik kom i gang, let han seg rive med av sitt livlege diktarsinn, så det hende nok meir enn ein gong at ein og annan lura på om presten heilt gjekk klar av det sjuande bodordet.

Det blir også fortalt om ein ungdomslagsformann som kom litt uheldig frå ei takketales han skulle halde etter eit foredrag Aslak hadde halde. «Fe meg va det nå ekstra moro å høyre på alt detti, for eg er litt i slekt med Sondre, eg. Bestemor va syskinbån mæ'n. Og ho seie at de æ sant det meste av de presten fortel.»

Eit anna emne som ofte gjekk att var «berettelsar» frå den tidi han var prest i Finnmark. Det var ingen som våga seg til ha noko sikker meining om det var dikt



Bestemor seie de æ sant de meste av de presten fortel.

eller sanning det han fortalde der i frå, for så langt nord var det ingen i bygdane her som hadde vore. At det var eit merkeleg folk som levde der, det visste me. Og at det var ulikt det landskap og lende me var vande med, det godtok me. Men av og til var det nok vanleg meining at nå spela fantasien presten eit puss. Eg minnest dei vaksne hefte seg i det han fortalde om kor frodig det var i Tana. Der kunne graset gro så høgt at det gjekk han oppunder armane. Sauene kom heilt burt når dei gjekk der på beite. Eg kom til tenkja på dette då eg for nokre år sidan var på bærtur i utmarkene utanfor Tromsø. Der nådde både bunteng og andre grasplanter meg heilt opp under armane somme stader. Ein kan nok lett gjera ein prest urett, jamvel om han av og til er litt av ein skjelm.

Til slutt må eg fortelje om siste møtet eg hadde med Aslak prest. Det må ha vore i slutten av 1945 eller litt etter. Aslak hadde vore pensjonist i mange år då. Han budde på Stabekk, og det var Hallvard Brekke og eg som tok ein tur ut dit.

Han blei svært glad då Hallvard fortalde at eg på den tidi arbeidde i Norsk Rikskringkasting. «So kan eg då få anledning til å seie mi hjartemeining om programmi de sender,» sa han. Det var musikkprogrammi det gjaldt. Men i motsetning til det som elles blei klaga over, var klagemålet frå Aslak at det var så reint for lite folkemusikk og særleg av hardingfele i sendingane. Eg spurde kor mykje han syntes kunne vera passe. Han meinte det måtte vera rimeleg å krevja vel så halvparten av musikkensetida. «Når det nå ein gong er så velsigna at me heve verdens finaste musikkinstrument sjå kánn og ei uendeleg mengde av slåttar, og spelemenn det ikkje hev funnest maken til i historien, så må de ha vit til å sleppe

dei til,» meinte han. Eg prøva å fortelja litt om vanskane Olav Midttun hadde med å halde si hand over Eivind Groven og den vesle halvtimen hans sundag ettermiddag. Men det gjorde ikkje inntrykk på Aslak prest. «Ein kan kje bry seg om folk som ikkje hev bære vit,» sa han. Det måtte eg lova å bera fram som ei helsing frå han. Seinare på kvelden fortalde han frå dei problem han hadde havt å stri med som sokneprest i Kviteseid under den fyrste heimskrigen, særleg om tobakksnaudi som plaga mange innom kyrkjelyden.

Mange inngarva tobakkbrukarar heldt på å bli sjuke av mangel på den stimulanse, let han. Som prest var han plent redd for kva dei kunne finne på når det var på det verste. Derfor hadde han nytta ut forbindelsane sine i byane, slik at han av og til fekk naudforsyningar. Desse måtte han forvalte omtrent som dei var eit eige sakramente. Verst var det å få nådemidlane fram til somme gamle stakkarar som budde avsides. Å sende slikt i posten, var reint for resikabelt. Ikkje var det lett å finne karfolk han kunne stole på som bodberar heller. Det blei lesarjentun som blei hans apostlar, sa han. Han kalla dei inn på kontoret, ei etter ei, og forklara dei situasjonens prinsipielle betydning. Og det gjekk som regel bra.

Om kor ille det kunne vera for somme og kor gildt det var for presten å kunne hjelpe, fortalde han:

«Eg minnest ein ven sommardag eg sat uti tonet på prestegarden og fekk sjå ein kar i frå Syftestad koma tuslans gjennom alleen. Eg skjøna han hadde vore i Hyttebyen og prøva å få tak i tobakk, men at det ikkje hadde lykkast. Han gjekk og subba og såg mest ut som han gjekk i svevn. Eg baud God dag, men han svara mest ikkje. Eg veit ikkje om han kjende meg. «Æ du tobakklaus?» spurde eg. «Ja, Gubære,» svara han. «Set deg her litt då,» sa eg og gjekk inn og skar av ein skråtobakk-snabb og flidde han, då eg kom ut att. Eg sko aller gløyme hoss vent han glodde på meg. Han gløymde å takke og gjekk bare stille bort.»

Olav Lid

Etterord

Aslak Bergland var fødd i Morgedal i 1862. Han hadde gode emne og gjekk fyrst Kviteseid seminar og var ferdig der i 1881. Med god hjelp av ein eldre bror, som hadde gjort det godt i Amerika, kom han seg til Kristiania der han tok realskuleeksamen og latinartium. Teologisk embetseksamen var han ferdig med i 1889. Så var han lærar eit par år før han gjorde seg ferdig med praktikum i 1892. Same året blei han tilsett som sokneprest i Tana og var der til han 1903 vart utnemnd til sokneprest i Kviteseid. I 1921 vart han utnemnd til sokneprest i Borre og var der embetstida si ut.

Han vart gift med Helene Gundersen i 1888. Ho døydde i 1916 og han i 1958, 96 år gamal.

På sine eldre dagar skreiv han med si uvanleg fine handskrift, ned sine barne- og ungdomsminne på ekta bygdemål. Desse er trykte og gjevne ut i bokform.

Omkring Hægefjell og Tarjeisberg

Kjem ein vegen frå Nissedal til Vrådal, legg ein straks merke til den bratte fjellveggen som reiser seg opp or Nisser og som saman med Vråsøy liksom vil stengje av heile vassdraget; det er Tarjeisberg. I gamal tid heitte nok fjellet Heddersberg. Like ved i sør hev me Heddersviki. Enno kan ein høyre dei som seier «det haddar utfor» eller «burt i haddine». Og lenger tilbake sa nok folk hedder eller heddur istaden for heller.

På same sida ser ein den snauraka «Skaggen», der berre restar eller skaggar av skog stend att, for det meste som ein skjeggkrans rundt foten. Stein- og snøras hev feia vekk det meste. Likeins er det med Hægefjell sin store og snaue skalle som majestætisk reiser seg bakanfor med sine 1.022 m.o.h.

I gamal tid heitte det nok Horgefjell, rett nedanfor hev me den vide og skogrike Horgeviki som hev fenge behalde navnet. Ein blir mest som fjetra av dei veldige fjell- og steinmassor her ved Hægefjell. Veldige rapurder med nok av steinar store som hus iblant, fortel om naturens veldige krefter som hev slite og gnege gjennom tusenåri.

Ein kjem i hug dansken som første gongen såg dei norske fjell, sa: «Er de virkelige kompakte.»

«Horg er det same som ei stor masse eller mengd samla. Enno minnest eg godt gamle gubbar som svara: «Å, ei heil horg» når du spurde om det var mange i kyrkja idag. Eller dei fekk ei heil horg med fisk når dei ha tekje opp garni sine med sik i Roholdtåi, i gåttetidi.

Men so hende det nok noko som skaka folk slik at det vart navnebyte. Ei kvinne som heitte Hæge, fall utfor fjellet og slo seg ihel. Les ein lokalhistorie so finn ein at det hev vore skikk i heile landet og knyte navnet til slike, til den staden dei miste livet. Slik skulde dei minnast.

Eg hev høyrt tri variantar av denne saga, men i alle heiter kvinna Hæge.

1. Ei hjuringgjente som heitte Hæge ha vildra seg inn på fjellet i tykk skodde med buskapen sin. Heilt utpå kanten gådde ho åt og vilde gie krøtera salt og få snu dei. Men dei var so saltgalne og gjekk so på at dei skuva henne utfor.

2. Hjuringgjenta Hæge ha kome seg opp på toppen, der ho hadde godt oversyn over buskapen som beite roleg nedunder. So sette ho seg ned i fred og ro og «spita» eller spann på handtein. Men brått so trilla nykla frå henne, og ho fór opp i «harvle» (d.e. i hast og tankeløyse) for å ta det att, og gleid utfor.

3. I mine unge år tente eg hjå Hans Kråkenes, som so å sei var lommekjent i dette området og visste mykje gamalt. Han fortalde det soleis. I eldgamal tid grensa Kråkeneseigedom i Vrådal mot Borstadeigedom i Nissedal og bytelina gjekk over Hægefjell. So var det ei tid det var enkone som sat att på bae desse gardane, Borstadenka i Nissedal og Hæge Kråkenes i Vrådal. So byrja dei å krangle om bytelina, og vart so samde om grensegang og å setje opp skikkeleg



Tjovehola i Tarjeisberg.

deild på Hægefjell, der det var mest uklårt. Dei tretta om dette. Men tilslutt vart Borstadenka leid og so sa ho: «Ja, so set deildi so langt utpå som du vågar då.» Hæge var grueleg «havør» og gjekk heilt utpå, men då ho heldt på med dette, gleid ho på treskone sine og for utover den bratte fjellveggen.

Og so kjem navnegranskarane med sine tydingar. Hægefjell eller Helgefjell tyder den høge eller heilage eller hev rot i den steile og bratte fjellsida. Men Roholtstfjell er no minst like steilt og bratt og berre ein meter lågare og toppen i Sveinsheii og Roan er ikkje lite høgare, so Hægefjell peikar seg ikkje ut som den høge. Mest avsides frå folk ligg det òg, so nokon kultus er ikkje tenkjande. Her er det nok kvinna Hæge som hev spela hovudrolla.

Men so tilbake til Tarjeisberg som hev fenge navnet sitt etter «Tarjei Tjov» som ha tilfluktsstad her. Som nevnt stuper Tarjeisberg nesten loddrett ned i Nisser, og der er nesten ikkje skortar i det. Men meir i kanten mot Båskjerholmane er der ei hole inn i fjellet omlag ein 4 favnar opp frå vatnet. Det er Tjove-hola eller Tjove-skorta. Det var brennevinet som førde til at Tarjei kom på ville vegar og som fredlaus måtte halde seg i skugg og sjol og livnære seg med tjuveri. Her i denne hola var det Tarjei heldt seg når han laut koble av eller når han følte seg mest ettersøkt. Landstad fortel han ha frakta ein del kastestein opp i hola og elles ha pil og boge so det var vonlaust og ta han i hola. Han ha laga seg ein pråm og ein stige av lær, som han drog etter seg opp i hola.



De må ikkje tru de svelter ut Tarjei tjov!

I mørke nettar undersøkte han so stabbur og kistor i Nissedal og Ytre Vrådal og tok dugeleg med seg. Både sylv og mat vart borte som dogg for sol, so bøndane vart dugeleg harme og kom til at dette måtte dei få ein slutt på. So samla dei seg ein sundag og vilde ta han i hola. Men dei fann fort ut at det ville vera sjølv-mord, so dei ringa inn hola, med båtane sine og ville svelte han ut. Dei skiftet om vakti og låg i 14 dage utanfor. Då kom Tarjei fram i hola med ein dugeleg mjølpose og spurde om dei var mjøllause so skulde han sende ned ei halvtunne. Men dei meinte at so stort lager kunne han vel ikkje ha, so no galdt det å ikkje fire, so dei la seg til ei veke til. Då kom Tarjei fram att og heldt opp ei stor fleskeskinke. «De må ikkje tru at de svelter ut Tarjei Tjov.» Då reiste bøndane, dei var luta lei «beleiringa» og hadde anna å gjere som venta. Men sanninga var at det var berre svoren av skinka Tarjei lyfte i været og synte fram.

Tarjei heldt fram i faget sitt i mange år etter dette. Men tilsist tydde han gamal og forkomen ned til bygdi og bad om hjelp. Dei tykte synd i mannen som bad om tilgjeving og stelte om han. Det var ikkje mange dagane, for det var slutt, og dagen han døydd fortalde han livssoga si:

«Det var ein kveld me sat heime hjå Jens, tett ved kyrkja og drakk. Me var ein 4-5 gutar i 16-17 årsalderen som ha fenge tak i ein 10-liters anker brennevin. Og etter som rusen drog på, var det ikkje måte på kyting. Dei visste eg var mykje

mørkredd og terga meg, og no var spursmålet kven var den modigaste. (Det var mykje overtru, so alle var meir eller mindre mørkredde den tid.)

Tilslutt forplikta eg meg på at eg gjerne skulde hente vinstaupe i kyrkja og drikke bestefar til på grefti hans. Dei andre lo rått, for dette trudde dei no ikkje eg våga. Då braut eg meg inn i kyrkja og gjorde som eg ha sagt. Om morgonen, då me vakna, fann me vinstaupe sundslegi. Me hadde slegest og bruka det som handdivle. Dette spurdes sjølsagt i bygdi. Dette var heilagbrot, og futane var hardt ute etter slike. Eg rømde til sjøs for å sleppe undan, men eg lika meg ikkje på sjøen, so eg gjekk i land og slo meg til ein stad i Agder. Eg kom godt til med folket der og fekk mange vener og vart ein vyrd mann.

Men so kom der ein som kjende meg, og det spurdest kva eg ha gjort. So var det og røme att, og som fredlaus vandra eg rundt i skogane og fann ut det måtte vere betre å klare seg på heimetraktene der eg var kjend. Der fann eg denne hola der eg følte meg trygg. Eg hev stole mykje sylv, men aldri kyrkjesylv. Det ligg gøymt på vestsida av Hægefjell. Den som finn det blir rik.» So døydd han. Men ingen hev funne sylvet. Sume seier det ligg i ei kiste. Det er vel lite truleg han dragsa ei kiste opp i dette avdyrkje. I Vrådal hev eg jamt høyrte at ei kinne med sylv ligg i urene under Hægefjell.

Det høyrest meir truleg ut.

Det var å bera i bakmeis på ryggen som var det vanlege på denne tida, so det var nok bakmeisen Tarjei nytta når han henta seg suvl og gron rundt på gardane. På den gjurde dei til både mjølkedunk og anna. Eg kan godt minnst at eg som gutunge var med far til Åhommen og henta mjølk. Der sat den hugheile og dugande budeia Hæge Tangen i årrekkjer og tok på seg krøter for folk og gjætte i Lønnegravsheii. Då såg eg dei som ha bytna og surra kinna på bakmeisen og henta både mjølk og rome. Det var ikkje so flust med koppar den tid, og for å få god mjølk skulde det vera trekoppar av brisk; blekkspann og anna gav usmak.

Kven var so denne Tarjei Tjov og når levde han? Det spursmålet er vel lite granska. Han laut vera enten frå Vrådal, Nissedal eller Treungen sokn. Alt talar for at han var Nissedøl. I dette området var han lommekjend, og der ha han sitt virkefelt. Eg hev aldri høyrte gjete han var ovanfor dei noverande sluser og stol, men i Ytre Vrådal, bl.a. både på Findreng og Steane.

Knut Dukane som er eit leksikon når det gjeld Nissedal, skriv at fyllekalaset truleg var på Neri-Tveit like ved Nissedal kyrkje. Der budde ein som heitte Jens Ørn fødd 1709 og døydd 1764.

Altarkalken i Nissedal kyrkje er frå kring 1750.

Utpå vinteren 1927 hadde eg tekje på meg noko tømmerhogst i Heddersvik for Kristian Kråkenes og ha bror min, Einar med meg. Hogstfeltet var frå Båskjerholmane og til Heddersviksvåa, og so langt opp etter Tarjeisberg som me med rimelegheit kunne. Det var veldig god is og mykje skareføre frå morgonen det året, so me fekk tak i mykje. Kristian og broren Olav var ut iblant og kasa saman.

Kvar måndag fór me soleis forbi Tjovehola, og sjølsagt var denne saga på bane fleire gonger, og om der var noko å sjå eller finne i hola.

Der stod omkring ei god tylft med nokso store tre, og Kristian lura på om det var råd å få dei med. Me vart straks samde om å prøve. Skorta hella litt mot eine kanten og der stod ei bjørk som ha klora seg fast i berget. Me laga ein lang steg og fekk hekta ei taug kringum, so me krabba opp utan serleg vanske. Hola var stor og tørr og fin med godt rom innover. Men noko sers fann me ikkje. Berre noko oske og kolrestar, og nokre forvitra små beinrestar, og litt merke etter røyk i taket. Det var sikre merke etter at folk ha vore her.

Me fekk heisa opp reiskapane våre og tok til å hogge. Me støytt trea utfor med toppen føre og dei landa fint utpå isen. Kristian og Olav køyrde vekk etterkvart. Me tok dei minste trea først, men då me tok dei større og måtte kviste av noko for å få dei utfor, sprakk isen op etter kvart langt utover, og tilslutt vart det open fjord mestedelen under oss. Det var berre att tri-fire tre, men ingen pråm, på langan leid, so me fann ut me måtte kome oss ned att. Kristian henta endå noko lange kváv frå løa til gå på over isstykk. Isen var over halvmeteren tjukk, men det var som ingenting når dei tunge rotendane kom. Dette var den 15. mars 1927. Eg hev ikkje høyrte at nokon hev vore der sidan, men Knut Dukane fortel at «Dølen» la inntil eingong kring 1890, og dei heisa opp eit par mann. Dei fann ikkje anna enn me fann. Og ingen hev funne sylvkinna under Hægefjell.

Tor O. Sanden

Uvêr av uvanleg slag og styrke

Haglvêr 29. juni 1929

Etter nokre svært varme dagar tidlegare i same vika sette det inn med torevêr på ettermiddagen denne dagen. Torevêret tok til med vanleg styrke, slik me vanleg kjenner vêret her, men det auka snart i styrke og til uvanlege høgder. Lynglimtene gjekk som lange siksakklyn over vesthimmelen og syntes gå heilt ned mot bakken. Og så sette det inn med haglskur, litt blanda med regn! Haglvêret auka òg i styrke saman med vind som fylgde. Det var mest som duren av veret døyvde noko av toresmellane, men lynglimta var stadig like kvasse.

Hagla vart større og tettare, så det var snart uråd og vera ute. Dyr som gjekk ute, fann seg livd under tre eller ved husvegger. Men der slike ting ikkje var i nærleiken, prøvde folk å få inn kyr og hestar som var ute. Men det var vanskeleg å gå ute utan å få skarpe slag av hagli. Det vert fortalt at det var sume som fann ein stol eller kasse og heldt over hovudet når dei skulle utføra noko ute.

Uvêret vara ved truleg millom 1–1½ time. Det var nok litt skilnad kvar ein var i uvêrsområdet. Likeins var det variasjon i styrken av haglveret. Hagla var frå 1 cm til 4 cm. Etterpå vart det fortalt fleire versjonar om uvêret og om storleiken på hagla. Ein kar som var kjent for å kunna dramatisera dei ting han fortalde om av og til, fortalde at heime hjå han var hagla store som «ein knabbe kaffikjele», hermer dei etter han.

Uvêret gjorde stor skade. Åker og eng vart slege ned. Potetgraset som alt var kome langt på denne tid, vart klappa heilt ned, slik at det måtte rønna frå rota att. Høy- og kornavlingane vart òg sterkt redusera, med opptil 40- og 50%. Slåtten måtte òg av same grunn utsetjast og dermed forseinkast. Dei fleste tak på uthus, serleg på staular og utslåtter, var spontak (flis). Dei som ikkje var heilt nye, fór ille. Svært mange var totalskadde, så det vart ei heilt onn med å leggja nye tak eller reparera dei før slåtten kunne taka til. Fleire søkte naturskadefondet om hjelp til erstatning.


Etter haglvêret var det ein liten flaum då hagla smelta. Saman med grus og sand samla hagla seg i domper og skuggar i terrenget, og låg usmelta over neste dag.

Uvêrsområdet strekte seg frå vest på heia millom Lårdal, Dalane og Tveitgrend, og nådde over heile Dalane, Morgedal og Ordal.

Uvêr 18. juni 1953

Også denne gongen hadde det vore svært varmt dagane før og likeins denne dagen heilt til uvêret tok til ca. kl. 15.45. Det hadde vore opptil 33–34 grader i skuggen. Eit par dagar før hadde det òg vore sterkt torever, med m.a. lynnedslag i ein trevarefabrikk.

Uvêret tok også denne gongen til med kvasst torever og regn. Men så sette det



Ein stol er ikkje bare til å sitja på.

inn med sterke vindkast og hagl. Vindkasta var så sterke at trea i skog og hage svaia, greiner brast av og dreiv i lufta mot husvegger og glas eller det som måtte koma i vegen. Lange siksakklyn flerra himmelen og blenkte opp i den tykke lufta. Og toresmellane braka verre. Hagla auka i styrke og storleik. Snart hoppa dei høgt på bakken av farten dei hadde. Og større vart hagla etterkvart. Det vart målt fleire hagl på 4 cm med skarpe hjørne som av isstykke. Etterkvart kom det meir stridt regn i blanding med hagla. Regnet samla seg i bekker, etter vegar og gjennom åker. Det var snart flaum både der det var bekker før og der ingen var. Veggroftene gjekk braddfulle med vatn og hagl i blanding. Eng og åker vart ned-slege; mange stader heilt flat.

Uvêret varde litt over 1 time. Men etter at verste skura var over, kom flaum-vatnet frå høgden. Veggrofter og stikkrenner på riksvegen kunne ikkje halda undan. Det samla seg dammar som vatnet snart braut i gjennom og reiste med vegen eller brua der vatnet braut seg fram.

Hovudvegen gjennom Kviteseid vart broten desse stadene. Ved Opsund (ned for Brokefjell). Bru ved Bjørknes, vegen øydelagt lang strekning vidare nedover, bru ved Kvitsund skule. Gata gjennom «byen» vart oppriven og fylt med stein og brote. Bustadhuset til Haugestøyl undergrave, så det måtte rivast.

Men største ulukka under uvêret hende då ein turistbil frå Sørlandet ville prøva å koma seg over gjennom bekken som rann over brua ved Kvitesund skule.

Vasstraumen var så sterk at bilen vart lyft og send nedover bekken som hadde blitt ei elv. Bilen flaut heilt ned til fjorden.

Dei vaksne som sat i bilen, kom seg ut. Men eit barn som låg bak i bilen klara dei ikkje å få ut. Då dei fann bilen att ved fjorden, var barnet drukna.

Skaden på eng og åker og vegar var stor. Men største ulukka var nok at det gjekk liv.

Området uveret gjekk over var avgrensa til sentrum av Sundbygda og oppover heia mot Vassverket i Opsundheia.

Av dei flaumar eg hugsar eldre folk tala om då eg vaks opp, var flaumen i august 1912 truleg den største i dette hundreåret. Som ein målestav om flaumen kan ein vel nemne at under denne flaumen som vistnok hadde eit heller avgrensa område i Vest Telemark – reiste desse bruene på vegen gjennom Dalane: Bru ved Kvinnandalbekken, bru ved Nørsterud (merke etter denne brua er å sjå endå ved bade-tersekelen). Bru ved Moen/Syftestad. Brua ved Bjørnflatin stod att. Brua stod den gongen lenger oppe i elva og vart omlagt ved ny bru i 1941.

Elles medførte flaumen store og mindre ras i urer og bratte jorde. På vestsida av Straumane ved Toråi og Midtstaulbekken er tydelege merke etter ras endå. Flaumen i 1927. Dette er den største flaumen ein hugsar i åra etter flaumen i 1912. Vinteren før hadde det vore serleg mykje snø. Serleg i fjella i det store nedslagsområdet til Bandakvassdraget. Våren var sein. Skya vêr det meste av mai og skodde i tillegg. I låglandet var våronna ikkje ferdig før sist i mai. I høglande endå eit par veker seinare.

Den siste vika i juni sette det inn med sterkt regn. Regn nok til å bli flaum åleine. Men no kom snøsmeltinga for fullt i regnbloyta. Elevane voks og voks. På 2–3 dagar steig vatnet til toppflaum. Serleg steig dei store innlandsvatna, Bandak og nedover. På det høgste steig vatnet 3 meter over normal vasshøgde. Bryggjer og hus stod i og delvis under vatn. Store jordvidder vart overfløymde, og kjellarar fylgde med vatn. Vegar vart ufarbare dei stader dei låg lågt i lendet. Sundkilen steig høgt over bryggja og eit stykke opp i gata. Vestetter gjekk vatnet rundt og forbi Ungdomshuset og fram til bakken der bui på Flatin låg. Folk rodde derifrå og til sentrum dei dagane vass-standen stod så høgt: Frå kneiken vest for kyrkja, som dei kalla Baksøltbakken og vestetter, var vegen under vatn. Vegen låg lågare i terrenget enn den nye vegen nå.

Ei av årsakene til at vatnet kunne stiga så sterkt denne gongen var nok at dei store vassdraga i Vest Telemark ikkje var regulera då.

Neste større flaum var 5.–6. september 1968. Det var serleg den vestre delen av Telemark det gjekk verst ut over denne gongen. I Vrådal reiste 2–3 bruer på R 38, og på Vrå gjekk eit stort jordras. Ei lid med skog rasa ut og dekte omlag 1/3 av jordet med stein, grus og tømmer.

På Dalen i Telemark fall 80 mm regn denne kvelden. Heldigvis minka regnvêret av utpå seinkvelden, då flaumen var på sitt høgste; elles kunne det nok gått

enda verre. På Dalen gjekk det fleire ras på riksvegen i Eidsborgberget, så vegsambandet vart brote. Nedover ufsene ved kraftstasjonen dundra store steinar som fylgde med vatnet. Ein person som stod i arbeid ved kraftstasjonen med å avhjelpe skade, vart sterkt skadd og det måtte tilkallast helikopter for å transportera han til sjukehus, då vegsambandet var brote.

Avlingane var stort sett i hus på denne tid. Men på skogsvegar vart det gjort skade for fleire hundre tusen kroner innan Kviteseid.

Neste store flaum var 16. oktober 1987. Etter fleire dagars regn var vass-standen i elvar og vatn stor. Og då det så sette inn med sterkt regn natti før 16. oktober, måtte det bli flaum. Elvar og vatnet i fjorden steig og steig. Dalaåi gjekk langt over breiddene; mykje større enn dammane i den tid det var vanleg. Sundkilen steig i takt med Bandak – opptil 1,5 meter over normalt. I tillegg kom sterk vind som gjekk over til storm, slik at vatnet dreiv høgt innover strendene. Båtar reiv seg lause, og folk fekk vass-skade på varer i kjellarar. Men største skaden gjorde likevel vinden som hadde auka til storm utpå ettermiddagen. Stormkasta felte ned skog som det var åker. At det på førehand hadde vore så mykje regn at marka var svært oppbløytt, gjorde sitt til at trea stod svakare enn vanleg.

Det vart vindfelt og nedbroten skog over store delar av heradet, og i større skala enn det har hendt på fleire 10-år tidlegare.

Hustak fekk òg ein del skade sume stader, likeins reisverk under oppsetting før bordkledninga hadde kome på.

Ekstra sterk verknad fekk stormen fordi han kom frå ei side i dalføret det ikkje er vanleg at vinden har større styrke, og der skogen ikkje er innstilt på storm frå.

Hallvard Dalen

Leiv Tysland

Leiv Olavsson Haugland var fødd i Seljord i 1825 og var av Sandlandætti. Det er uvisst kva tid han kom her til bygdi, men 1852 vart han gift med Hege Nilsdotter Sveinungsson frå Vinje, og dei busette seg på øvre Hosom i Dalane. Dei fekk 5 born, men bare 3 av dei voks opp. Det var gutane Olav og store og vesle Nils. Om dei budde på Hosom heile tidi fram til Hege døyr der i 1873, veit eg ikkje, men det kan godt tenkjast.

Etter nokre år gifte Leiv seg oppatt med Guro Torsdotter Huvestad. Dei var barnlause, men Guro hadde ei jente frå fyrr som heitte Anlaug. Omkring 1885 flutte Leiv og Guro til Tysland, ein plass under Vesterdal nedre. Der vart dei buande i mange år og vart heitande Leiv og Guro Tysland.

Eg såg ikkje Leiv nokon gang, men etter det eg hev høyrte om han, var han visst heller liten, men tettvaksen og rund av seg. Han hadde langt, kvitt heilskjegg og måtte sjå ut som sjølvaste jolenissen må ein tru.

Tysland var ikkje store plassen so det var vel bare ei kyr dei kunne fø der, men Leiv og Guro hadde visst for det meste berre geiter. Leiv var ein hendig mann og kunne gjera so mangt, men det var som fylemakar han vart mest kjend. Det vart sagt at ingen kunne få til so fine og so gode fylor å ganga på som dei Leiv laga. Mor fortalde at dei fyrste fylone ho fekk då ho var lita, hadde Leiv laga. Dei var so fine, sa ho, og han hadde jamvel skore ut navnet hennars på dei.

På den tid hadde dei aller fleste bare nokre viker omgangsskule. Likevel var Leiv sers god til både skrive og lesa. Han hadde mange bøker og løyste Børne-tidende, er det fortalt.

Ein gong skreiv han brev til kongen og sende han eit par fylor. Brevet lydde visst soleis:

Til vår dypt Ærede Konge.

Jeg vil hermed få forære dem et par fylor som jeg med stor flid har lavet, og jeg håber dere vil tage dem flittig i brug, men da jeg er kun en fattig mand og lever i den ytterste nød, må jeg bede dere Ærede Konge om noen penger til livets opphold.

Med den Ærbødigste hilsen
Leiv Olsen Tysland
Hvideseid Tellemarken

Han fekk visst brev att frå kongen, som takka han for gåva, men pengar fekk han ikkje, for var han i naud, fekk han vende seg til forsorgsvesenet på staden.

Då Leiv var ein sers kongevenleg mann, var han nok vonbroten då han ikkje

fekk pengar, men han endra visst ikkje syn på kongen. Det gjeng ei herme etter Leiv: «Ja, me heve ein mild konge.» *)

Kvar einaste sundag var det høgtid i stogo på Tysland, for då tok Leiv fram huspostilen sin og las teksti for dagen. Til avslutning song Leiv og Guro og Anlaug ei salme saman. Etter dette må eg tenkja på mannen som midt under lesinga av teksti fekk sjå at geiti gjekk i åkeren og åt: «Nei, no hev den satans geiti kome i åkeren att.» Om det gjekk soleis for Leiv nokon gong, skal eg hava usagt.

Eit år utpå haustparten brann stogo på Tysland. Dette gjekk for seg på ein noko uvanleg måte, må ein seia. Den dagen stogo brann, var Anlaug åleine heime og sat og sauma. Best det var rulla ei trådsnelle under senga for henne. Under senga var det so myrkt at Anlaug kveikte på ei tyristikke for å sjå betre. Med ho lyste under senga, tok det brått fyr i sengehalmen. Ho fekk ikkje sløkt fort nok, og snart stod stogo i ljøs loge. Det var eit hardt slag å miste alt dei hadde og i tillegg bli huslause til vinteren. Men folk var hjelpsame mot dei, både dei i grenda og elles i bygda. Dei gjorde dugnad og bygde oppatt ny stoge, so dei fekk flytja inn i fyr i jol.

Leiv var spelemann òg, men han trampa so i golvet når han spela at det er sagt, at dei kunne mest ikkje høyre spelet honoms.

Sonen Olav vart ein dugande spelmann. Det er endå ein slått etter honom som ber navnet Leivsslåtten. Tor Djuve som var spelemann, spela slåtten mang ein gong og tykte slåtten var sers god. Eg kan minnst Tor sa: «Ja, nå skal eg spela Leivs slåtten for dikkån.»

Leiv hadde gjennom alle sine år vore ein helsesterk mann. Det er fortalt at han pusla og arbeide heilt til det siste. Han døydd på Tysland i 1919 og vart soleis 94 år gamal.

Aasmund Bjørnflaten

*) Det er òg fortalt at Leiv noko seinare på nytt sende eit fylepar til kongen, og at han då fekk litt pengar frå kongen.

Ei gammal familiebedrift på Skreosen

Historikk til 90 års jubileet i 1988

På sørsida av Foldsæelva, like ovafor Skreosfossen, var det hogge ein kross i fjellet tett ved elveløpet. Frå gammal tid stod det også ein skråmur her med ei deild oppå. Det markera byte mellom tri kommunar: Kviteseid, Fyresdal og Mo.

Grensa for Mo kommune gjekk her over elva. Det førde fleire gonger til usemje mellom grunneigarane om vassrettane i Skreosfossen. Dette går fram av gamle rettsdokument så langt attende i tida som til 1706.

Litt nedanfor fossen gjekk den gamle Fyresdalsvegen i bru over elva. Det var ei trebru. Dei gamle oppmura brukara står ennå att.

I 1902 vart vegen lagt om, og det vart bygt ny bru over elva lenger nede, men den gamle brua stod ved lag endå nokre år.

Her ved Skreosfossen har det vore drive industri langt attende i tida.

På nordsida av fossen var det frå gammal tid ei kvern for maling av korn. Her står att ein mur etter kverna. Truleg var det kvernar på begge sider av fossen. I 1804 vart det bygt eit sagbruk ved Skreosfossen, og også eit ved Vråliosen, der elva går ut i Vråvatn. Det var den kjende mannen Ole Blom frå Kviteseid, som bygde opp og dreiv desse sagbruka for onkelen sin, Hans Blom i Skien. Hans Blom døydd i 1808. Etter han vart sagbruka tatt over av ein Hans Møller frå Porsgrunn. Ole Blom dreiv likevel sagbruka fram til 1817, då dei vart lagde ned. Seinare overtok Cappelen bruka og dreiv til framimot 1850.

På denne gamle industriplassen på Skreosen starta Aadne G. Naper og fetteren hans, Jon Bjåland frå Lårdal, sagbruk og høvleri i 1898. Firmanamnet var Skreosen Høvleri.

Firmaet vart i 1927 omgjort til aksjeselskap. På grunn av store strukturendringar i selskapet, vart firmanamnet seinare endra og korta inn til L/L Skreosen, slik det er i dag.

Det var først sett opp ein bygning i to etasjer med sirkelsag, tømmerkapp og vedkapp i 2. høgda, og med høvelmaskin i 1. høgda. Nokre år seinare vart det bygt til eit vinkelbygg der det vart montert og drive to kvernar: Ei for maling av gryn mjøl og den andre for finmaling av matmjøl.

Heile anlegget vart driva av ein 40 hk turbin med vertikal aksel og med reimoverføringar. Det var ikkje kraft nok til at alt kunne gå samtidig. Det vart difor helst saga om vinteren og høvla om sommaren.

Maling av korn gjekk føre seg etter at arbeidet var slutt på sagbruket om kvel-dane og utetter nettane.

Det var Jon Bjåland som stod for oppføring av hus, montering av maskiner og den daglege arbeidsleinga. Jon var kjend som litt av ein hardhaus. Han var ein-



Aadne G. Naper.



Skreosen hølveri omkring 1908.

gong uheldig og kutta av seg eit par fingrar på saga. Det fortelst då at han gjekk heim, duppa stubbane i rein lysol, sette på ei forbinding, og heldt fram med saginga.

I 1912 kjøpte Jon Bjåland garden Kleivane i Fardal i Fyresdal og flutte dit. Aadne Naper kjøpte då også hans part i bedrifta. Olav Kvipt frå Fyresdal vart arbeidsformann fram til 1917. Gunnar Naper, eldste son til Aadne, overtok etter han.

I 1920 vart det også sett opp ein liten trevarefabrikk. Den låg ikring 80 m lenger oppe ved Fyresdalsvegen. Han vart driven med kraft frå same turbinen, overført ved ei stålvirre.

Den første tida arbeidde det berre to til tre mann ved trevarefabrikken med Aslak Bratland som arbeidsformann. Han hadde før arbeidt ei tid ved Nyland Trevarefabrikk i Kviteseid.

Produksjonen var svært blanda i denne første tida. Det vart laga vindaugo, dører, vevstolar og enklare møblar. I 1936 brann trevarefabrikken, men han vart straks bygd opp att. I 1957 brann han på ny i eit torevær, men vart då også bygd opp att og med større grunnflate.

Etter at den første verdskrigen tok slutt i 1918 og framover, kom det ei svær krisetid. Først ei jobbetid med sterk prisstigning. Jobbetida tok snart slutt og vart etterfylgd av priskrakk og harde økonomiske tider. Tømmerprisane som før krigen låg på ikring 10 kroner, steig i 1920 brått opp i kr. 60 for kbm. Deretter fall dei ned at til omlag same nivået som før krigen.

Ikring 1900 låg arbeidsløna på omlag 2 kroner dagen for 10 timars dag. I 1916 og framover var dagløna 3 kroner. I 1920–21 steig dagløna opp til 10–12 kroner for 8 timars dag, for så å falle til 5–6 kroner.

Omkostningane var like vel for store til å få lønsam drift. I 1926 fann Aadne G. Naper ut at det ikkje kunne gå på den gamle måten lenger.

Bedrifta vart stoppa, og arbeidsfolka laut slutte. Etter samråd mellom Aadne og sønene hans: Gunnar, Hallvard, Trygve og Håkon, kom produksjonen likevel i gang att seint på hausten same året, men den første tida berre med familien som arbeidskraft, og lønene var redusert til 4 kroner for dagen. Etter kvart vart arbeidarane tatt inn att i produksjonen, og nye vart tilsette. På det meste var arbeidsstokken oppe i mellom 20 og 30 i slutten av 30-åra.

I april 1927 vart firmaet omgjort til familieaksjeselskap. Aadne G. Naper vart formann i styret, og Gunnar Naper disponent. Frå gammalt hadde produksjonen vorte henta på bruket eller køyrt med hest til Vråliosen og Bandaksli og skipa vidare med båt, men i 1928 vart det kjøpt inn ein liten bensindreven lastebil. Lasteevna på denne fyrste bilen var på berre eit tonn og motoren på 20 hk. Lastepanen var for kort for køying av trelast, slik at materialane laut stikkast fram på sidene av førarhuset for å balansere av lasset.

Bilen var ein Ford. Han hadde berre to gear og gjekk difor svært seint i bak-



Arbeidskarane omkring 1920.

Første rekke fra venstre: Olav Bergland, sagmeister; Olav Skogstad, Olav Åsheim, Olav Gudmundsen.

Andre rekke: Sigvart Åsheim, Håkon Naper, Tarjei Skogstad, Auver Solli, Arnt Åsheim.

kane. Gunnar Naper fortalte at ein gong han køyrde frå Dalen og oppover mot Vinje, kom Lars Vadder køyrande etter med drosje. Då Gunnar ikkje hørde at han bruka bilhornet, stoppa Lars like så godt drosja, sprang etter han og bad han køyre tilside slik at han kunne kome forbi.

Like vel, det var stor framgang med å bruke bil i staden for å køyre med hest. Nå kunne vara også køyrast direkte til kunden, og det talde mykje i den harde konkurransen. Bilen vart straks bytt inn i større bilar, slik at transporten vart meir effektiv.

Den første tida vart tømmeret fløta fram gjennom vassdraget og lagt opp i store ruller for vinteren. Då bilane vart større og fekk sterkare motor, vart tømmeret køyrt fram med lastebil. Til å byrje med kappa og lagt på lasteplanet, seinare med handlingssing på bil med hengar. Det var mange gonger ein tung jobb når tømmeret låg lågt i terrenget.

Sagbruket og høvleriet vart også modernisert. I fyrstninga av 30 åra vart det kjøpt inn ny turbin og ny høvelmaskin. Det vart seinare montert kjerrat for framtrett av tømmeret noko som før hadde vore gjort med handkraft. Etter

kvalt vart det også kjøpt inn tømmerkløyve og plankekløyve og bygt nye lager for trelast.

I 1931 starta firmaet landhandel i Skreosen. Her vart det selt kolonialvarer og vanlege assorterte landhandlervarer og radioapparat.

Etter ei tid, vart det også tatt opp sal av byggeartiklar. Den siste varegruppa auka sterkt etter kvart i omsetninga. Kriseåra var svært harde å kome gjennom for bedrifta, men konjunkturane retta seg etter kvart, og i 1937–38 var den verste krisea over.

I september 1940 kom den 2. verdskrigen til landet vårt. Den tyske hærmakta velta inn over landet, og landet vart hærtatt.

Ein fekk også snart merke det her i dei indre bygdene: Vegar vart sprengde, og det kom til harde trefningar med tyske soldatar fleire stader.

Det vart grave skyttargraver og bygt bunkrar rundt omkring i distriktet. Etter kvart vart det ført inn strenge restriksjonar med rasjonering av matvarer og andre forbruksvarer. Trelasten vart òg strengt rasjonert, og bedrifta fekk pålegg om at ikring 85% av produksjonen skulle leverast til den tyske hærmakta. Pålegget vart for ein stor del sabotera. Berre omlag 25% av produksjonen i krigsåra gjekk til tysk forbruk, for det meste gjennom mellommenn.

Det galdt serleg vindaugo, dører, feltsenger og trelast.

Hausten 1944 var det husundersøking på Skreosen og lageret av radioapparat vart beslaglagt.

Det vart ein større rassia i distriktet. Gunnar, Trygve og Håkon Naper vart arrestera og sendt til kreds fengselet i Kristiansand saman med ein heil del andre. Der sat dei ikring 3 veker før dei vart sette fri.

Krigen tok slutt i mai 1945. Det var ein festdag på bedrifta. Radioapparatet kom fram frå gøymestaden sin på trevarefabrikken, og ein kunne fritt høyre meldingane om kapitulasjonen.

I 1950 åra vart fallrettane i Foldsælva kjøpt opp. Ved overdragsdokument av 29/1 1952 selde firmaet vassrettane sine i Skreosfossen til A/S Skafså Kraftverk.

Som erstatning for fallrettane, 12,5 einsidige fallmeter, fekk firmaet ein del frikraft, og ein del vart oppgjort med reide pengar.

Før denne tida hadde det ikkje kome elektrisk kraft til distriktet her, men Skreosen Høvleri hadde heilt attende til 20 åra hatt eit lite privat kraftverk som produserte elektrisk ljøs. Seinare vart det montert inn ein større dynamo, som gav nok straum til at maskinane på trevarefabrikken kunne gå med elektriske motorar.

Då vassføringa i elva slutta, og verksemda kom inn på kraftnettet til Vest-Telemark Kraftlag, kunne også saga og høvleriet først over på elektrisk kraft.

I 1950-60-åra dreiv firmaet også med husproduksjon. Sett opp hus hadde dei nok drive med før også av og til, før andre verdskrigen, nemnast kan mellom

anna Torshaug bedehus i Tokke og Brokefjell hotell i Kviteseid. Det nye var at nå vart husa sett saman av lemsseksjonar som vart laga på bedrifta og montera og sett opp på byggeplassen. Det var helst mindre bygg. Såleis vart det sett opp fleire hus for arbeidarane på Tokke anlegget. Elles vart det levera ein del hytter og skogshusvære, men også bustadhus vart laga og sett opp i distriktet.

I 1952 døydde Aadne G. Naper, 82 år gammal. Året etter tok yngste sonen av Aadne, Ragnvald Naper og svogeren hans, Sigvart Åsheim, over ein del av aksjane og vart medeigarar i firmaet.

Hallvard Naper, som var med og starta lutlaget, hadde gått ut av firmaet berre eit par år etter han vart med.

På slutten av 1950-åra og framover var det store endringar i eigarforholda i firmaet. Gunnar Naper slutta i firmaet i 1957 etter å ha stade som disponent i 30 år.

Frå 1. januar året etter vart Trygve Naper disponent og broren, Ragnvald Naper, formann i styret. I 1960 gjekk også Håkon Naper ut av firmaet og overtok eit bilverksted som hadde høyrte til firmaet. Sigvart Åsheim slutta 5 år seinare.

I 1975 starta L/L Skreosen, saman med fleire andre trevarefabrikkar i distriktet, eit utsal i Skien under namnet Tele-Tre. Det firmaet skulle ha som primær oppgåve å omsetje produksjon frå dei fabrikkane som var med i samanslutninga.

I 1977 slutta også Ragnvald Naper av private grunnar i firmaet. Nå overtok barna til Trygve Naper: Ådne Naper, Harald Naper og Dordi Krogsgård, aksjane hans og vart med i leidinga.

Etter kvart vart ein klår over at skulle arbeidsplassane oppretthaldast og verksemda ekspandere, laut drifta leggest om.

Firmaet tok kontakt med Statens Teknologiske Institutt og Distriktenes Utbygningsfond for å utvikle ein framdriftsplan. Resultatet av dette var at det i 1977 vart vedteke å bygge ny, moderne trevarefabrikk i regi av Vest-Telemark Næringsbygg. Den nye trevarefabrikken vart på ikring 1.100 kvm og stod ferdig og vart tatt i bruk i 1978.

Fabrikkene fekk ein arbeidsstokk på 10 til 12 mann med Knut Åsheim som dagleg leiar og arbeidsformann. Han hadde før i fleire år vore arbeidsformann ved den gamle fabrikkene. Same året fylte verksemda 80 år. Det vart feira med firmafest på Vråliosen Hotell for dei tilsette og aksjonærane med ektemakar.

Sagbruket og høvleriet som dei siste åra berre hadde vore i drift kortare sesongar i året, vart nå lagde ned. I 1980 vart også avdelinga for daglegvare og kolonial lagt ned.

Den gamle trevarefabrikkbygningen vart tatt i bruk for sal av trelast og byggevare, og fleire lagerbygg vart sett opp. Dette forretningsbygget vart etter kvart utvida og modernisert og vart ein triveleg arbeidsplass.

Vareutvalet vart etter kvart utvida til å gjelde fleire varegrupper: Kjøken- og baderommøblar, reiskap, hageutstyr m.m.

I 1980 vart det oppretta eit samarbeid med Pekeberg Treindustri i Vrådal.

Fylgjene av det var at det vart starta eit nytt selskap, Pekeberg Skreosen A/S, som tok over den nye trevarefabrikken. Pekeberg teikna seg for mesteparten av aksjane og overtok administrasjonen, medan L/L Skreosen deltok med ein mindre lut.

I dag driv L/L Skreosen berre byggevareforretninga, som har eit nokså stort varespekter. Det er trelast, vindaugo, dører og byggeartiklar som utgjør største parten av omsetninga.

Siste året var samla omsetning omlag 7.000.000 kroner. Firmaet har 4 tilsette på heiltid og 3 på halv tid.

Harald Naper er i dag formann i styret. Med i styret er elles Dordi Krogsgård og Ådne Naper.

Trygve Naper står framleis som disponent, men har trappa ned til ikring halv arbeidstid etter ein innsats i firmaet på omlag 60 år. Knut Agnar Vik, frå Fyresdal, som har arbeidd i firmaet i mange år, er dagleg leiar.

Det er mange som i desse 90 år har jobba trutt i firmaet, og mange hadde forten ei serskilt omtale for innsatsen sin. Frå tidlegare tider kan ein nemne namn som Gudmund Aslaksen, eller «Gullmon Mylla» som han til dagleg vart kalla. Det kunne skrivast ei heil soge om han. Han var med heilt frå starten av og arbeidd på sagbruket i omlag 45 år, i lengere tid som sagmeister. På sine gamle dagar saga han takspen og stod på til han var omlag 86 år. Han døydde 95 år gammal.

Elles kan nemnast namn som Olav Bergland, sagmeister i mange år, Auver Solli, Arnt Åsheim og Svein Grunnvik, snekkar, og son til «Gullmon», Olav Gudmundsen, var sagbruksarbeidar og ekspeditør. – Ja, mange fleire burde ha vore nemnt.

Godt samarbeid og mange dyktige og pålitelige arbeidarar har vore med og halde oppe verksemda gjennom skiftande tider og konjunkturar i 90 år.

Fleire av dei tilsette har gjennom tidene arbeidd i bedrifta i samanhengande 30 til 40 år. Fleire har også fått medalje for lang og tru teneste for innsatsen sin.

Det meste av denne historikken er bygd på gamle bøker og rekneskap i firmaet, på eigne notat og på opplysningar frå eldste broren min, Gunnar Naper.

Trygve Naper

Brakandalen i Kviteseid

Cappelen på Ulefoss kaupte i 1870 Kviteseid kyrkjens jordegods, med husmannsplassar. Åri etter kaupte han fleire skogeigedomar i Kviteseid, ein av dei var Brakandalen, frå Blom ætti på Neset i Kviteseid. Rundt århundreskifte sette han i gang storhogst i Brakandaleigedomen. Den er stor og ulendt. Den gjeng upp nord-vest for Kvæven, upp til toppen av Brokefjell, sud-aust mot Lindalsåi, ved Sandtjønne, over Bystigen, til Brakandalnuten, og ned fjellet til Ravnodden nede ved Kviteseidvatnet.

Brakandalen er ein gamal bustad, kor gamal veit ingen, men me hev namnet «Bystigen» ute ved Sandtjønne, som kan tyde på at det hev gjenge ein veg over her frå dei øvre bygder, truleg ned til Salteve i Lunde. I nærleiken av husi stod det stabbesteinar som kunne tyde på at det hadde stade eit stort hus. Truleg ei løe.

Navnlause ser det ut til Brakandalfolket hev vore. Det eg hev høyrte om Brakandalmannen Jon, var då han og Fjågesundmannen kappkøyrde frå Brakandalstøi og til Kviteseid gamle kyrkje til jolemesse. Årstal ukjend.

Men attende til stordrift i Brakandalen. Storparten av arbeidarane var husmenner under Cappelen. Frå øvst i Straumann og ut til Lindestad.

Det var lang veg frå Strauman til Brakandalen, 8 km i luftline. Men det kan vel doblast både 2 og 3 gonger vil eg tru. Startar me ute ved Sundet, gjeng det ein klein gangveg til Holteveiki, vidare til Kvennes, og so til Kvæven, upp Kvævskalet og burtetter mot Systan, under Skåpet og vidare mot Brakandalen. Eller: Ein svingar ved Holtevik, upp til Tarren gjennom Sibiripporten, mot Frøsfjell. (Med merke etter likkvile.) Ned Fjellstauldalen, og ut til Brakandalen.

Tungvindt er det kvar du fer. Med hest og kløv med viksniste til både hest og mann er det ille, om det er ein slarve stig å fylgje.

Storparten av arbeidet måtte gjerast på haust og vinterføre. Reiskapen var øks, både til felling av tre og barking. Barke-spaden var knapt oppfunne på den tid. I 15–20 kuldegrader var det hardt arbeid å få av borken. Den spruta som små muse-lort burtetter. Sveiten rann, men det rima i sjege-stubben. Mange måtte bygge seg barhyttur, for i Brakandalstøi var det ikkje plass for alle arbeidarane. Hyttune blei sett upp av stranglar, grånbar og torv, omlag som ei same-gamme. Sengene var av bjørkeris og grånbar med noko myrgras oppå. Eldstaden hadde dei ute, so lenge det var råd. Matstellet var vel so som so kan ein tru. Heimbaka brød, det var lett å bera. Litt jordeple og sild, og truleg noko flesk etter slaktingi om hausten. Hyttun låg bort mot Sandtjønnebakken, so det er truleg dei var ned til Sandtjønnebekken og fanga fisk om kveldane. Her var fin aure. Om kvelden gjekk røa om hogstfelti dei hadde. Om gneldrefuru, og pinnegrån, verdens gang og politikk. Det var på denne tid Boerkrigen (1899–1902) rasa i Sudafrika. Ein hadde teke med seg ei avis og las: «Rauter Ofis melder idag G, E, N, BULLER bli av-løst???» «Å jøss å jøss for for gjeiur, høss vi de gange nå tru?»

Union-uppløysingi med Svearike blei òg diskutera. Då var det S. som sa: «Æ nokon av dessa store so galne etter å slåst, so kan dei slåst sjave, og ikkje blande kon uppi det. Eg hev kje nokon svenske som eg er so sinna på at eg reiser bortimot Svenskegrensa for å drepa'n. Nei då vil eg hell bort å finne meg ei svenske flikke. Det hadde vore noko å kome heimatt med de!»

Kjetil var ein av dei som kjøyrde timmer ut til Brakandalen-skotet. Stor-Kjetil, dei kalla. Ein stor røslig kar. Han fortalde: «De va ein vet eg rende timmer i Masteskotet, då mista eg klokka mi. Eg leita ein heil dag etter ho, det var ein Wal-tam ser du, ei makalaus klokke. Våren etter fann eg ho att. Ho var litt skrapa, og nokre hjultappar stakk ut i bakloket, men når eg trekte ho, trur du'kje at ho gjekk!!»

Kjetil var au ein spesialist til å få låt i nosi når han snytte seg, og det trongs når han i kulda kom fram til Brakandalstøi med lasset. Lommetørkle? Nei, han tok tommen for det eine nasaboret og bles! Bles so dei høyrde det til Lindestad og Snaunes på andre sida av Kviteseidvatnet! Var det folk ute, sa dei: «Nå er Kjetil ute på Knipa med timmerlass!» (Det er 3,5 km i luftline.) Trur du eg lyg, kan du mæle på kartet. Denne nosi trur eg kunne mæle seg med hornet «Olifant», som det stend om i Rolandskvadet.

Systan ligg nord-vest for Brakandalen, litt lågare ned mot Kviteseidvatnet. Her stod ei gamal stugo. Etter gamalt skal det vera to systrar som budde her. Der budde hoggarane no. Her vart det bygd ei trerenne ned til vatnet. Lengda på den vart oppgjeve til 704 meter. Dei dreiv hakakjøyring inn til renna, som var hekta isaman med bindhakar. Det var tørrenne, so blåroyken stod, når stokkane for nedetter. Var det eit øksehog i roti, kunne stokken kløyve seg, når den tok vatnet. Det gjekk ille med stogi i Systan. Ho brann ned ei natt. Det einaste som vart berga var pil-bogen, som dei bruka til skyte mysar med.

Etter det S. D. Cappelen fortalde meg i 1960-åri, var denne trerenna i Systan filma under bruk. Det er vel den fyrste filming i Kviteseid?

Til slutt ei vise om Brakandalen av Samuel Nordskog.

*Å Brakandalen den runde kulden
å Anås stend ikkje hell so rulten
på kvorsi sie dei stend å glør
å trør so djupt nedi Kvitesidffor.*

*Då Risen løypte i Brakandalen
han måt'vist vere bot'vill å galen,
tru d'er sama Rysen som låmi for
og vassa Kvitesid -å Bandaksfford?*

*So kjem eit fjølldrag på tvers
som stenjer,
den fagre utsyni er kje lenger.
So trygt det kviler i ro å fre,
der himlen liksom seg kvæver ned.*

*Ja dette bilæte vil eg gjøyme,
å aller, aller eg kan de gløyme
kvarhelst eg vankar i verdi vi,
å hjarta bankar i bringa mi.*

Arne Nordskog

Nyland trevarefabrikk 100 år

Nyland trevarefabrikk vart grunnlagd av Halvor Lie frå Bø i 1890 på eit jordstykke han kjøpte av Ståland. Nyland var ein mykje lageleg stad til fabrikkdrift, flatt og sentralt som det låg. Ei lita grein av Dalaåi rann tett ved. Denne ågreina drog mylla litt lenger oppe og greidde å draga ein trevarefabrikk også. Av det offentlege fekk Halvor rett til bygge ein «forbedret og stor demning», så han var sikra jamn og stor nok vasskraft. Det var lita fallhøgde, men Halvor sette opp eit stort vasshjul og fekk den krafta han trong. I den store dammen blei det mykje og fin fisk.

Det var særleg dører og vindaugo Halvor laga, men han kunne også laga andre ting folk trong. Etter 10 års drift overtok sonen Halvdan Lie fabrikk. Han dreiv i 5 år og selde då til John Nyland. Han var frå Lårdal, men hadde arbeid i Kviteseid nokre år, hadde vore både snikkarlærer og sagmeister på Sundkilen Dampsag og Høvel til denne vart lagd ned i 1905. John var av same ætta som loftsbyggaren Karl Svanajord.

John dreiv på same måten som dei tidlegare eigarane, men utvida snart med å bygge sirkelsag for å saga tømmer. På denne tid var dei fleste hus tekte med spon. Mykje av sponen blei høvla på Nyland. John fann opp ein ny type sponhøvel som arbeidde raskare og nytta virket betre ut. På Bratsberg Amts handverks Landsutstilling på Dalen i 1913 fekk John sylvmedalje for trearbeidet sitt.

Den fyrste turbinen til fabrikk vart laga av ingeniør Aubert frå Skien. Bare skovlane var laga av jarn, resten var tre. Det høvde kanskje best til ein trevarefabrikk!

Etter kvart auka produksjonen, og nye arbeid kom til. Det blei laga ein del hjulreiskap og møblar, men dører og vindaugo var framleis viktigast. Kauparane var frå store delar av Telemark. Av større oppdrag straks føre og under fyrste verdskrigen var vindaugo og dører til Telemark folkehøgskule på Utsond og nykyrkjene i Kviteseid og Fjågesund, og nokre nye kyrkjer i nedre Telemark. Frå fyrst av og lenge framover, henta kundane varene dei skulle ha. Nyland byrja tidleg å nytta telemarkbåtane til varer som skulle oppover og nedover vassdraget. Heilt til Oslo sende dei varer vidare med båt frå Skien.

Eit av lagerhusa på Nyland var nokså stort. Når huset ikkje var i bruk, særleg på vårkanten, hende det at huset vart lånt ut til 17. mai festar og skifestar. Det kom vel med, for endå var det ikkje ungdomshus i hovudsoknet.

Omkring 1920 blei det innkaupt ei Molding høvelmaskin. Det var ei nyttig maskin og truleg ei av dei fyrste i Telemark. Det trongs mykje material til den nokså store produksjonen. For å dekke dette på den rimelegaste måten, blei det kjøpt opptil 600–700 m³ tømmer i året. Mesteparten av dette blei framkøyrte på vinterføret og saga på vårparten. I tillegg var det også ein god del leigeskur. Om



Nyland trevarefabrikk i 1989.

våren kunne det vera 8–10 mann i arbeid. John var fast takstmann for Norges Brannkasse og mykje nytta som domsmann.

I 1938 tok sonen Halvor over etter far sin. Han heldt stort sett fram med same produksjonen. Enno var det trønge tider, men likevel blei det endringar. Eit stort lyft var det då det i 1938 blei kjøpt ny, stor turbin frå Gjøvik støyper og mekanisk verksted. Denne turbinen var på 35 hk. Litt seinare blei det bygd nytt lagerhus og turke, og fabrikk utvida med omlag 50 m². I 1941 montera den danske elektrikkaren Laurits Nielsen, generator for elektrisk straum, så både fabrikk og bustaden fekk elektrisk ljøs.

Etter siste krigen auka krava på alle måtar. Ikkje minst når det galdt å bygge nye bustader. Nyland fekk meir og meir å gjera og nye maskiner måtte kaupast. Kundane blei meir kravfulle og ville ha varene tilkøyrde. For å greie dette, kaupte Nyland i 1953 den fyrste lastebilen. Halvor var takstmann som faren og formann i mange byggenemnder. I unge år var han ein ivrig idrettsmann. Han dreiv fabrikk til 1967, då sonen John H. Nyland tok over. Han skjøna at fabrikk måtte utvidast om dei skulle følgje med i konkurransen, og i 1971 var eit tilbygg på 225 m² ferdig til bruk.

Utbygginga av Sundsbarm kraftverk førde med seg at Dalaåi og Morgedalåi blei regulera med dammar og mesteparten av vatnet overført til Seljord, og turbi-

nen på Nyland blei vasslaus og kraftlaus. I staden fekk fabrikkens elektrisk straum frå Sundsbarm kraftverk til drifta.

Kravet om nye maskiner og større verkstad heldt fram. Den eldste delen av fabrikkens blei riven i 1981 og ny verkstad på omlag 400 m² sett opp. Nye maskiner kom på plass, både molding høvelmaskin, tappemaskin, stemmemaskin og fleire kom på plass og tekne i bruk. Effektiviteten auka og salsområdet utvida til mykje av Austlandet og Oslo-området, men framleis er størstedelen av produksjonen vindaugo og dører.

I 1982 blei Nyland trevarefabrikk omskipa til aksjeselskap. John heldt fram som leiar til 1988, då sonen Halvor overtok. Han er såleis fjerde generasjon som leier fabrikkens.

John har vore med i mange kommunale nemnder og utval, og endå har han hatt tid til mykje arbeid for idretten.

Fortalt av
J.H. Nyland

Gudmund Opsund hadde skyldfolk i Amerika. Me tek her med det han i eit brev til sonen skriv om tilhøva i Kvitesid i 1874.

Kjære søn!

Opsund den 17 januar 1874

Jeg kommer nu til at fortælle Dig noget som er mere oplivende og næsten grænder til det utrolige. Du vet nok at da jeg købte Opsund havde jeg ikke en Skilling at lægge deri, men jeg var skyldig ikke så lidt i Smågjæld på Haugan. Jeg har indtil nu nylig ikke kunnet gjøre mere end afholde Renterne af den næsten 700 Spd store Gjæld og ikke havde jeg heller syndeligt Håb om at kunne gjøre mere i min Levetid, men nu er det da så at jeg er befriet for al Gjæld og har endda en Klat tilovers der vel kan trænges til Reparation på Huserne. Dette gik således til: Hougan solgte jeg i Sommer til Asbjørn Øian for 300 Spd og nu i høst solgte jeg min Skov til B. Blom for 650 Spd. Han skal hugge og drive selv og tage det ned til et Mål af 7 1/2 Tomme 5 Fod fra Roden. 200 Spd vare forfaldne 1ste Dcbr som jeg også har fåt og Resten skal jeg have inden April Måneds Udgang d.å. Han har allerede hugget Bruget og fundet omtrent 170 Tylfter og nu buden såvidt meget at han slipper meget godt fra det, ja måske tjener han vel 100 Spd hvilket jeg er meget vel tilfreds med.

Angående hvad du skriver om Knud da kan jeg meddele at mit sidste Brev fra ham er af 1ste August f.å. og deri klager han over at Fortjenesten i Amerika er



Gudmund Opsund.

i Aftagende samt at han da igjen var syg af Koldfeber hvoraf han ikke enda var frisk. Han tænkte på at reise et andet Sted, da han var vis på at det var det usunde Klimaet som var Årsagen til hans Sygdom.

Jeg vil ikke undlate at fortælle noget lidt om vort gunstige Stel. Tiderne her i Landet ere meget brillante nu. Et udmærket godt år havde vi. Såmeget Høi har vel aldrig været på Opsund før. Hvor meget Korn jeg får kan jeg ikke sige Dig da jeg kuns har trasket en Ubetydelighed af Byg. Af Rug fik jeg et par Tønder og Poteser omtrent 25 Tønder. Vi have ikke malet og spist af Kornvarene endnu, men haft af forrige Års Grøde. Vi have 5 Stk Storfæ og 6 Seuer. Vi havde en kou til indtil Juul som vi da slagtede. Den var overmåde feed. Vi fødte den sålenge fordi den mælkede best. Nu har vi to Nybærte som mælker overmåde godt. En 3die skal kalve mit i Februar dertil en Quie og en Oxe noget over Året gamle. Jeg forærte Aslak en god Kou i høst. Den var værd 35 Spd efter Priserne nu. Ja priserne på Kjør, Heste og Sou ere noget ualmindelige nu, omtrent tre Gange hvad de engang var. Arbeidspriserne ere også stegne derefter og ere 1/2 Spd og Kosten pr dag for en dyktig Arbeidsmand. Det er så vi har også Hest nu. Olaf kjøpte en Følhoppe 2 1/2 år gammel for 50 Spd kontant, men er efter 3 Ugers Tid buden igjen næsten 100 Spd. Jeg havde nær glemt at sige Dig at da jeg havde skrevet omtrent første Side af dette Brev fik jeg dit sidste Brev af 17de f.m. Jeg takker så meget både for Brevet og Portrætet. Når Du fortæller om Dine Børn så synes jeg virkelig i Ånden at se Dem omkring Spisebordet og dette gjør Erindringen om Din og Sødskenes Barneliv atter ligesom lys levende for mig. Du skriver om at der er Snee og Kulde hos Eder, som er vel ligeså skjelden der som at her verken er Snee eller Frost i hele Vinter. Her har kun været et Par Gange 2 a 3 Tommer Sne som har holdt sig et Par Dage ellers har det været så at hvad der er kommet om Natten har gået igjen om Dagen. Papiret tager Slut og jeg får også slutte med en kjærlig hilsen til Dere fra os alle.

Gudmund S. Opsund

Kviteseid Bygdetun

I 1907 kom tanken opp om å få skipa ei bygdesamling i Kviteseid. Det var Knut Loupedalen og Rikard Berge som stod i brodden for dette, og ei tilskipingsnemnd kom saman 20. oktober 1907 og sette opp lover for ei slik bygdesamling. Denne nemnda tok so til å arbeide med å samle inn gamle ting som kunne vera høveleg for ei bygdesamling i framtida. Dei fekk ei tomt på Lauvstadhaugen under klok-kargarden, og her var det meininga å få til eit gammalt gardstun. Det fyrste huset som vart oppsett, var eit gammalt loft som var innkjøpt frå Tveit i Tveitgrenda. Seinare fekk dei ei løyve frå Bulid, og Cloumannbygningen frå garden Moen i Sund-bygdi. Gammalt innbu og lausøyre vart so førebels lagra i loftet.

Kviteseid Bygdesamling som laget vart heitande, hadde gode arbeidskår fram-over nokre år. Men det synt seg at det vart vanskeleg både økonomisk og på annan måte etter kvart, og laget har vore nedlagt og teke oppatt fleire gonger.

I 1926 tok Kviteseid heradstyre over og valde styre for samlinga påny. Styret tok so eit oversyn over tinga som var lagra i Tveitloftet og kom då etter med at samlinga var langt større enn dei føreåt hadde tenkt. Dei fann òg at samlinga burde ha eit større rom og fekk då løyve til å nytta den gamle salen i Ekserhuset. Men storflaumen i 1927 førte til at vatnet stod innover golvet, og mange av tinga fekk skade.

Samlinga fekk etter dette eit omflakkande liv og vart hyst ymse stader i bygda. På grunn av pengemangel var heradstyret innstilt på å selja husa, men Kviteseid Sparebank gjekk heldigvis i mot å selja, særleg loftet.

Det var harde tider i 1930-åra og vanskeleg å drive på grunn av pengemangel. Styret freista å få samle inn private pengegaver og dreiv med ymse utloddningar, men det blei lite pengar i kassa. Fleire søknader om stønad vart sendt til departement og fylke, men utan resultat.

Frå Brokefjell Hotell kom det tilbod om at samlinga kunne få plass der, likeeins eit tilbod frå Morgedal. Heradstyret sette seg i mot at samlinga skulle flytjast til Morgedal, og frå Brokefjell Hotell kom det melding at dei likevel ikkje kunne ta i mot samlinga. Her stod då styret i same stoda som før. Styret kom då til at dei ville selja Cloumannbygningen for å få pengar til å setja i stand loftet og løy.

Men i 1943 fekk samlinga tomt på øvre Midtsund, og loftet blei sett opp på tomta. Cloumannbygningen vart selt til bilethoggar Dyre Vaa i 1944.

Det synt seg at det var ei uheldig tomt å bygge samlinga på, avdi denne alt før krigen var sett av til tomt for den nye Trygdeheimen. I 1946 gjorde det nye styre vedtak om at tomta skulle gå attende til kommunen.

Den 8. mai 1949 vart det vedteke å skipa eit lag for Kviteseid Bygdesamling og få teikne medlemer i alle grender i kommunen. Etter eit forslag frå Harald Oppebøen vart navnet på laget Kviteseid Bygdetunlag. Laget som vart skipa, skulle



Kviteseid bygdetun (Tveitloftet til venstre).

vera eit sjøleigande lag som tok vare på samling og hus og dei midlar som høyrde til. Etter dette vedtok Kviteseid heradstyre samrøystes å godkjenne Kviteseid Bygdetunlag som eigar av samlinga.

Den 27. august 1949 var styre samla på Kviteseid gard, der S. D. Cappelen lova å gjeva tomt til Bygdetunet på eit område nord for Kviteseid gamle kyrkje. Styret tok imot dette tilbodet med stor takk, og det vart vedteke å få flutt Tveitloftet snarast. Dette var det første huset som kom opp på Kviteseid Bygdetun. Arbeidet kom so igang med å skaffa fleire hus, for meininga var å få eit gardstun som skulle syne ein gamal gard slik han såg ut for 2–300 år sidan, med dei hus og den tunskipnaden som den gong var.

Styret fekk tilbod frå Hege Mjør om kjøp av husa på Flekstveit. Kviteseid Bygdetun hadde i perioden 1954–58 vanskelege saker å løyse. Det første styret tok fatt på var å skaffa midlar til å sikra Bygdetunet dei gamle husa på Flekstveit, som var nokre av dei få typiske gamle gardshus som enno var att. Kjøpesummen kr. 20.000 vart på ymse vis skaffa til vegars, og husa vart kjøpte. So kom arbeidet og vanskan med å rive og frakte dei ned til tuntomta. Det var ikkje greidt å få nokon til å ta på seg dette vanskelege arbeidet. Men hausten 1957 lukkast det.

Husa vart rivne og frakta ned og det prydelege loftet og stova og eit fjøs sett oppatt på plass. Seinare gjennom åra fekk laget fatt på fleire hus, ei smie og kvernhus frå Heggveit i Brunkeberg, ei badstove frå garden Fjågesund og ein stall frå

Groven i Edland. Husmannstova frå Årdalen er og på plass, og Bygdetunet har no i alt 10 hus på tunet.

Flekstveitstova er frå 1600-talet og var frå fyrst av berre i ei høgda. Men i 1738 vart andre høgda påbygd og hadde open svalgang, men i 1880-åra vart det bygd eit liknande bislag som det vi har i dag. Heile stova i fyrste høgda er rosemåla av Tallev Halvorsen Espetveit eller «Tallev Målar» som han vanleg vart kalla. Han måla denne i 1751, og var med dei fyrste som overførte rosemåling til heile bondestover. Han var soleis ein skule for mange andre rosemålarar seinare.

Flekstveitloftet er frå 1700-talet med rik utskurd. Tveitloftet er eldst og skriv seg heilt frå millomalderen. Båe er skore av Øystein Midtbru frå Morgedal i 1790 og 1791. Dei andre husa er frå 1700-talet.

Om treskurden til Øystein Midtbru seier Th. Meyer i boka «Fortids Kunst i Norges Bygder» at det er noko av det finaste i plastisk treskurd i Telemark.

Bygdetunlaget har vore eit sjølstendigt lag fram til 1987, men då fann styret at oppgåvene som må løysast i åra som kjem var so store at eit lag ikkje makta dette. Det vart difor vedteke å gjeva Bygdetunet over til Kviteseid kommune, og kommunen overtok frå 1. januar 1988. Kulturstyret har no ansvar for drifta.

Samlinga som no er utstillt på Bygdetunet, er mangslungen og fatar om både bruksting og prydnadsting. Samlinga har stor antikvarisk verdi. Mange ting knytter seg til gardar eller kjende personar, både frå Kviteseid og bygdene omkring.

Familien Utsond gav for fleire år sidan ei stor gåve til Kviteseid Bygdetun, heile skulptursamlinga etter professor Gunnar Utsond. Det vart i mange år arbeidt med å få reist ei skulpturhall for denne samlinga, men då Bygdetunlaget ikkje hadde økonomisk evne til å reise eit slikt bygg, vart samlinga overdrege til Kviteseid kommune, som saman med ein stiftelse fekk reisa ei skulpturhall.

Jonsokkvelden i 1978 vart so Utsondhalli opna med ein gild fest. Endeleg fekk den store kunstnaren, bilethoggaren, professor Gunnar Utsond sin minnehall i heimbygda si.

Harald Oppebøen

Björgulv Vassend

Han var ein av bygdeoriginalane i Morgedal. Med det er kje so greidt å teikne eit bilete av han med nokolunde få ord. Sein og taug i rørsone sine – eg såg aldri at Björgulv småsprang eller gjekk fort nokon gong. Det einaste kunne vera når han hadde tent eit mineskot og skulle koma seg unda, at stegi blei noko lengre og meir tiføtte – men noko springing var det aldri snakk om. Men rart nok så small det aldri før han var i sikkerhet.

Han var godt utrusta, både psykisk og fysisk. Han var sers hendig og kom av med alt slags arbeid han gjekk i gang med. Stolar, bord og sengene dei hadde på Ni-Sollid, alt hadde han laga sjav. Alt var so solid det Björgulv laga, og stil var det også. Han var god til kile granittstein, og mure ein granittmur greidde han. Han smidde jarnkilar og kvesste minebori sjav. Han kunne lagge ein så, eller ein fiskeholk – men best var han kanskje som blikkenslagar. Du verden so mange ovnsrør og ovnskne han laga for folk, like so fine som kauperøyr var det. Når eg tenkjer på den reiskapen og det utstyr han greidde seg med til arbeidet sitt, er det meg ei gåte at han kunne få til alt saman.

Ein gamal høvelbenk med litt reiskap stod ute i vedskjolet. Der hadde han også ein stubb av ei jarnbaneskine, det var utstyret hans til å false ovnsrør på.

Men det var det originale ved Björgulv eg ville skrive om. Han hadde lett for å snakke med folk. Byfolk og landsfolk, lek og lærd, alle kunne Björgulv halde i gang ei samtale med. Men nesten jamt måtte han ha ei onnor meining enn den han tala med. Det var sjeldan han var samd med nokon om ein ting. Om han i realiteten var det, so måtte han likevel snu eller vri på røo, slik at han kom i «opposisjon» som det heitte.

Ein bitande kald vetter-morgon gjekk ein av grannane gjennom tonet hans. Björgulv var ute og stelde med eit eller anna. «Det er overke kaldt i dag!» sa grannen. «Kaldt?» sa Björgulv, «det æ då ein av dei mildaste dagane i vet!» Ei beite etter kom bror av grannen same vegen. Han stoppa og sa: «I dag æ de heldigvis midlare enn i går!» «Mildare!» sa Björgulv. «Det hev då aller vore kaldare i heile vet.»

«Det æ kje noko å jatte mæ folk etter,» sa han. Han kunne heller aldri skryte av ting som andre hadde laga eller funne opp. Det beste han kunne berømme andre for når han såg på ting som var godt laga var: «De hev a lissom vore ein slags tankegang i de au, ser eg!»

På sine eldre dagar, var han ikkje so nøye med «hygien» sin akkurat. Særleg ullskjortune blei vel bare vaske eit par vendur i året, eller noko slikt. Dei var i alle fall blanke av sveitte og lort det ein såg av dei upp mot halsen hans. Dette tosse han bare var svært, og skrytte av det. Det var vel fordi mange av jamaldringane hans her som var mykje reinslege og nøye med klæskifte, ofte var sjuke eller meir kleinhelsa enn han. Björgulv toss aller mangle noko, han.

I fyrsten av 30-åra kom vaskepulveret Blenda i salg. Folk frå fabrikkjen fór rundt i bygdene og demonstrera dette nye vidunderet. Dei kom også til Morgedal. Dølehalli var full av folk – Bjørgulv møtte au, der det var noko nytt å sjå på. På scena stod ei dame med ein stor glassbolle med vatn, der ho la ureint tøy og vaskepulver uppi. Vatnet blei mørkare og mørkare etter som ho rørde i bollen. Etter demonstrasjonen stod ein flokk utanfor huset og snakke om det dei hadde sett. Dei fleste ovundra vaskepulveret, som var so effektivt. Men Bjørgulv sa: «Men eg tenkjer nok ho ha fenge sett noko anna, dersom ho ha skulla prøva mæ ullskjuta mi.»

Han var som sagt ugift. Kvinnfolk var liksom eit lågarestandans vesen, som ikkje var heilt utvikla endå. Han snakke ein gong med Signe (kona mi) om ein av grannane kâns, som var so kleint: «Ja, han æ dom, han æ domare hell ei kjer-ring!» so då fekk ho greie på intelligensen sin, ho au.

Men ein gong i honoms grøne ungdom hadde Aslak Løkslid fenge han med «etter jentun» på ein gard her i bygd. Det var to jentur som låg i veslebur på denne garden. Denne kvelden var det so mykje uro på garden at gutane måtte leggje seg til å vente bak nokre holt bortom husi. Sjavfolki fór att og fram millom husi, og detta varde og rakk . . .

Då klokka blei elleve, blei Bjørgulv arg, såg på klokka si og sa: «So fortærande å ligge her og vente på detta. Viss alt ha vore som det *skulle*, so ha me vore *færdige* me nå!»

Svevn var au noko Bjørgulv ikkje trong noko større av. Det var heilt unødvendig for honoms del å kaste bort tidi til slikt, sa han. Og dersom han sov, so var det helst merke på at ikkje alt var som det skulle vera med han. Eg hugsar ein gong det fór ein fæl influensafarang ivi bygd. Bjørgulv sat hjå kân og rødde om denna fæle farangen med mor mi: «Ja, eg hev vore noko sjuk, eg au, denne venda,» sa han. «Nei, hev du det, då?» sa mor. «Ja – ikkje so at eg he kjent nokon ting i kroppen akkurat, men eg hev gått at eg hev *sove* so godt nokle nettar nå,» forklara han.

Han var som sagt ofte på tverke med svari sine. Det var liksom *det* som var Bjørgulv. Ein gong i honoms unge dagar hadde han drukke noko øl på ein dansefest her i bygd. Det ha vel blive litt for mykje då, og ølet va vel kanskje ikkje heilt bra. I alle fall blei Bjørgulv sjuk. Han låg ute i vegkanten og kasta upp so han mest vengde seg. Ein kamerat som var med han sa: «Æ de kje grusomt vondt å bli so sjuk, Bjørgulv?» «Nei, eg som tiss heiltupp de æ godt!» svara Bjørgulv.

Som tidlegare sagt, Bjørgulv var intelligent – hadde greie på ein heil del. Han fylgde med i bladi, og elles var det alnakka som var hans store kunnskaps kjelde. Og han sette kje sitt ljos under ei skjeppe, nei. Same kva nytt som me hørde om i avisur eller radio – Bjørgulv kunne jamt supplere tingi med sin eigen viten.

Eg hugsar då russarane hadde sendt upp den fyrste satelitten sin, og fenge han til å gå rundt jordi at alle menneskje her var mållause over at slikt kunne gå ann.



Dersom ein skal sita riktig lenge, so æ nok dessa dei beste.

Eg uttala mi begeistring for Bjørgulv, men han sa: «Jau, de æ nok rart, men i grunnen so æ de ein veldig *enkel konstruksjon* på di!»

Jau, han *måtte* vera litt på tverke – han måtte opponere. I gamle dagar var det kje stolar i ungdomshuset hera. Det var bare lange, smale trekrakkar fe utta ryggjstø. Det va ikkje akkurat noko komfortabelt møblemanng, det nei.

Fyri eit møte der på den tid, sat me ein flokk karar der og snakka om desse krakkane. Og det var mange av dei eldre som sa, at de va fælt au, å ikkje kunne få te ryggjstø på dessa krakkan, so de blei litt lettare å sita på di. Då dei flesta ha uttala seg samde i detta, tok Bjørgulv ordet og sa: «Men dersom ein sko sita *reiktig lenge*, so æ nok desse best allikevell!»

Olav Fossjord og Bjørgulv var vener jamt, men av å te kunne dei koma i harde meiningstryningar. Ei vende Olav synes at Bjørgulv hadde vore sers tverken, sa han: «Viss du skulle slompe te å dette i tjønne ut mæ Haugan og drukne der, so måtte ein nok leite etter deg nord mæ Berge-landet, fe du fygde nok ikkje mæ straumen, du nei!»

Bjørgulv va i alle fall ein real, snill og hjelpsam granne. Eg kan kje minnst at me va i ugreie i alle dei omlag 45 åri han budde på Ni-Sollid.

Torleiv Lid

Koll med bila og ættlingane hans

*So rodde dei fjordan
so køyrde dei isan
frå sunnan og nordan
so drøfta dei prisan*

Med denne vesle omskrivinga av Aslaug Vaa sitt dikt vil me bevege oss inn i fortida og søkje etter røtene til vår eiga tid. Me vil på ein mindre seriøs måte starte med det vesle me har kjennskap til om dei eldste tider og sjå på spreidte trekk og hendingar fram til i dag. Og staden det dreiar seg om er i grove trekk området frå Kviteseid til Flåbygd, langs fjordan.

I uminnelege tider har denne store vassvegen vorte bruka til all slags ferdsel der pråmen og langsleden utfyllte kvarandre som effektive framkomstmiddel ved skiftande årstider. Og langs denne fjorden kom det etter kvart folk og slo seg ned der dei kunne finne brukbare levekår. Her var jord til å dyrke korn i, her var skog til husbygging og brensel, her var jaktmarker og dertil eit rikt fiske.

At det har budd folk her på den tid då Odin og Tor og dei andre æsene tok seg av både det åndelege og det meir kvardagslege behov blant ein spreidd befolkning, viser både gravhaugar og gravrøyser. I alle fall langs Flåvatn er det på mest kvar liten odde lagt opp ein steinhaug som dei påstår er gravrøyser, og dei ligg på blanke berget, nokre meter opp frå vatnet. I eldgamalt tid var det nokso vanleg med likbrenning. Det kann godt ha skjedd i desse røysane, og kollega Sturlason fortel om korleis dette kunne gå føre seg: Var det ein stormann som var avliden, vart ei trælkinne valt ut til å fylgje han i bålferda etterat ho hadde sett til livs ein bedøvande drikk. Det kan vel diskutertast om dette var ei tidleg form for kvinne-diskriminering eller om det var ei utsøkt form for samkjensle. I alle fall må ein tru at for den mannen det galdt, måtte tanken på døden i dagane føreåt ha verka mykje mindre skræmmande ved utsikten til å få so behageleg fylgje på den store reisa. Ja, slik kan ein fantasere når ein ser desse gamle gravplassane og fabulerar om den gamle, jordnære Åsatrua, og på vårt eige opphav som opplevde denne tida.

Det er lite oppskrive frå gamalt tid om desse traktene. Det eldste er vel det ein kan lesa om i kultursoga om Grjotgard og Harde-Steinar på 1300-talet. Denne Steinar må ha sett verkeleg varige merke etter seg som ugjerningsmann. Han må ha levd på folkemunne i meir enn 400 år, for det er kanskje den same mann som Johan Welhaven skriv om i diktet «Koll med bila». Dette diktet kom ut i 1848 og byggjer på ei gamalt segn om Fjågesundkjempa. I eit av versa heiter det:

*I sine unge dage han lå i Østneskov
og lurede i skyggen som et udyr på rov.
Det rike kremmerfølge gav skatt med gods og liv
hvor Koll med sine svende svingede spyd og kniv.*

Det ligg då nær å tru at han heldt til ved ein stad som enno heiter Bystigen og som ligg i nordgrensa av Østnåskogen, innast i Brakandalen. Dette var ei landverts reiserute millom dei øvre bygdane og Skien. Ei segn seier at i gamalt tid låg det ein diger orm og stengde farvatnet ned Fjågesundstraumen slik at folk måtte fara skogveges for å koma forbi dette utysket. Men dersom det er noko sant i desse gamle forteljingane, er det mest truleg at det er Koll som er ormen. I denne gamle tida var det mest ein regel at ein bruka eit anna namn enn det verkelege på ting som det stod ein viss uhygge eller stygge av, og då var ormen grei å ty til, for den var rekna som både slu og farleg og kunne av den grunn brukast som symbol for Koll. Dertil var nemnde straum eit ideelt strategisk punkt for overfall sjøvegs.

Ein må tru at denne Koll har vore ein slags småkonge her i strøket, og at han har bruka både vold og brutalitet i sitt eineveldige rike. Det kan sjå ut som at han er den siste viking i ei tid då kristendomen kanskje forlengst var innført offisielt, men enno ikkje hadde fått innpass i dei mange avstengde dalføre som landet for ein stor del består av. I diktet står det at «bjelkehallen», som han budde i, var 200 år gamalt og svart av sot, men rundt veggane var det på kunstnarleg vis stasa opp med skildringar av både Fenrisulv og Midgards-orm.

Om det er i Welhavens fantasi eller om det er ein viss del verkelegheit i alt dette han skriv om, so sit ein att med ein mistanke om at Koll kan ha livd på ca. 1200-talet, og staden han budde på vert kalla Gyrisvoll. Dette er eit namn som ingen kjenner i dag, men med litt fantasi kan det kanskje ha ein samanheng med ein stad på Haugan som i daglegtale heiter Gjersgrav. Det flate området ved Haugan ligg ca. 10 m høgare enn resten av bygda og er byggegrunn av beste slag, har vid utsikt over fjordan, kan godt ha heitt Gyrisvoll eller Gjersvoll og kan like sikkert ha vore staden der Koll si bjelkehall stod. At vollen nå heiter Haugan, er like naturleg då det klart har samanheng med dei gravhaugane som godt kan hyse dei sjellause restane til Koll og hans samtidige berserkar. At det er ein samanheng millom denne historien og ting som skal ha skjedd omtrent samtidig i andre bygder, er det lite tvil om. Dette kan ein delvis gjeta seg til ved å lesa i gamle dokument, og med litt undersøking og gransking i temaet, kunne ein kanskje koma fram til meir klarhet i ei dunkel fortid. Men det er ein annan historie, som salig Kipling sa.

Og livet gjekk vidare. Etterkomarane til Koll som hadde slege rot i bygdane her, heldt fram med å farte på fjordan, om enn på meir fredeleg vis. Kvar familie som budde langs fjorden hadde eigen pråm den gongen, og hadde til og med treffande namn på farkostane sine, t.d. Bein-Bukasin, Foss-Framme og Knutskås-



kupa. Det var ofte lange strekningar å ro, og når det var fleir i pråmen, hade dei faste roskifte. Ei slik strekkje var omlag ein fjordung, altså firedelen av ei gamal norsk mil som var på litt over 11 km. Roskifta merka ein seg som faste punkt langs stranda, til dømes ein odde, ein stor stein, ein bekk o.l.

Trafikken på fjordan auka i takt med folketal og handelsverksemd, og av den grunn var det enkelte som fann ut at det var behov for vertshus, til beste for dei reisande og til ei kjærkomen ekstrainnkome for seg sjøl. På den strekninga det her er tale om var det i alle fall 3 slike stader, nemleg Røyrhelle, Grotnes og Spjotsodd. Om dei hadde alle formalitetar i orden med øvrigheten, eller om dette var so heilt påkrevd i den tid, skal vera usagt, men dei tende sitt føremål. På Ryrhelle ved Flåvatn var dei so framsynte og rasjonelt innstilt at dei bygde sjølve huset rett over ein bekk, og gjennom eit hol i golvet kunne dei kvitte seg med alskens avfall på ein lettvinnt måte. Ja, dette var hundrevis av år før ordet miljøvern var funne opp, og det heile vart vel bare sett på som ein original, men god idé.

I alle tider har fjorden vore nytta til transport av folk og vare. Det kunne vera ferdigvare av husdyrprodukter, og det kunne vera råvare i form av tømmer. Alt på 1500-talet kom det hollandske kjøpmenn for å skaffe seg tømmer, og det vart tradisjon at dei hadde faste plassar der dei drøfta prisan med seljarane. Desse stadene var Kauphamar ved Kviteseid gard og Hollenderodden i øvre ende av Fjågesundstraumen. Desse stadene ligg bare 7–8 km frå kvarandre, so det ligg nærast

å tru at Kauphamar var staden der dei akkedera med vrådølane då desse ikkje hadde so godt høve til å ro fjordan. Masser av tømmer vart frakta vassvegen nedover, noko til utførsel, men mest til kongelege sager i Skien.

Det vart naturlegvis ogso behov for skurlast oppover på bygdane, og etter kvart vart det sett opp nokre sager langs fjordan. Den fyrste kom på 1600-talet og skal ha stått ved Kvennbekken i Fjågesund. Etter denne tid måtte dei som ynskte å byggje sag, audmjukt søkje om løyve til dette av kongen i Kjøbenhavn, av Guds nåde herskar over Danmark og Norge.

Stader som Sagabukti og Sagodden vitnar om at der ein gong har vore ei lita bedrift for tilverking av plank og bord. Desse tomtene er som skapt for føremålet, med eit lagleg fossefall innanfor eit flatt strandområde der det var plass til både tømmer og skurlast.

Ein annan industri som dukka opp på 1700-talet og som Koll sine etterkomarar var med på å seta i gang, var teglverk. Før denne tid vart husa tekt med spon, kvåv eller torv, og både slag tak som alle hadde begrensa levetid. Ein kan godt tenkje seg at det var forbindelsen med hollenderane som gav ideen til å framstille både takstein og murstein av den seige leira som her er slike velsigna mengder av og som er den øvste, store forekomsten i vassdraget. Ettersom det blir sagt, stod eit slikt verk på Russodden i Fjågesund, like ved vatnet. Her var det då lettvinnt å frakte produktene av stad anten ein rodde fjordan eller køyrde isan.

Ein har svært lite opplysningar om denne vesle bedrifta, bare det ein har høyrte fortalt av gamle folk, og ein veit heller ikkje kor lenge ho var i drift. Men sikkert er det at her er fleire hus der det er att takstein, og brannmurar av murstein som vart produsert her. Dei kan virke noko heimлага, men dei har i alle fall gjort tenest i mange år.

Trafikken på isen var ogso noko for seg sjøl. Fullt so ille som Krogs skildring av mjøsisen var det nok ikkje, men det var alltid ein liten uhygge med å ferdast på isen. Der isvegane vart bruka til langkøyering med lass, vart isen grundig prøva og merka opp med stikker. Det kunne gå heile karavaner med lasskøyrarar, og det er drygt å køyre på milelange isflater. Det kunne ogso vera både kaldt og keisamt, men det blir fortalt at stundom hadde dei sine ljose sider. Blant varene frå byen var det ikkje so sjeldan at der var ein og annan brennevinsdunk, og dette kunne sume tider freiste ein frosen køyrekar over evne. Han var førevar nok til å ruste seg ut med ei grant bor, og so slo han gjorda på kaggen litt til side og bora hol i denne. Sugerøyr var det nok av i høysekken til hesten, og dermed kunne han føre i seg i passeleg mengde av den kostlege drikken. So var det bare å slå ein treplugg i holet og få gjorda på plass att.

Ja, det gjekk føre seg mykje langs fjordan i gamal tid. Til og med frieri og alt som hadde med dette å gjera skjedde etter ein tur med pråmen. Det blir sogar fortalt om ein som sørga for ei auke i folketalet med skeisene på. Ingen prestasjon for so vidt, men nokso uvanleg. Og so i vinterkulda då.

Det var nok mistenkeleg mange som fann den einaste rette i eit nabolag som dei kunne nå med ein pråm eller eit par skeiser. Dei var ikkje meri vidreiste den gongen, og når alt kjem til alt so gjekk livet sin gang her som andre stader. Nokre vandra nok ut, og nokre henta seg laglege kjeriingemne frå andre bygdelag, og alt har vorte so oppspedd og utjamna at dersom Koll med bila kunne sjå att på jordi, ville han kanskje ikkje draga kjensel på, eller langt mindre vedkjenne seg sine fredsæle etterkomarar. For med alle moglege forbehold om at denne personen har eksistert, at han innimillom dei gongene det klang i bila når ho varsla manndrap, ogso visa tilbørleg interesse for det andre kjønn og det som derav fylgjer, so er det stor sannsynlegheit for at han er stamfar til mesteparten av befolkningen her. Og ikkje bare det. Med dei same forbehold er han ogso ein av stamfedrene til eit visst kongsemne ved namn Håkon Haraldsson. I 1757 kom det til eit giftarmål millom dei næraste naboane frå Østenå- og Fjågesundsida, og bår to var nok av Koll si ætt. Desse to rodde fjordan utover og slo seg ned i det noverande Nome. Ættegranskarar har funne at ei grein av denne slekta breidde seg nedover til Skien og vidare til Oslo, og etter eit par hundre år, hadde ein knupp på slektstreet slege rot på ein gard i Asker som heiter Skaugum.

Og dermed er kanskje ringen slutta frå småkonge til landets framtidige konge.

Torjus Fjågesund

Syng ut

*Eg veit ei makt so stor og god –
i songen er ho lagt –
I hugen kan den kveikja ljøs,
når myrkret der fær makt.*

*Når tunge tankar strøymar inn
og suti fylgjer på,
so legg det berr' i songen inn,
og du vil lette få.*

*Når stundom livet tykkjest svart
og bøyger ned ditt sinn,
då songen upp ein friskar snart
og ber det gode inn.*

*Og like-eins, når ein er glad,
so lyt ein syngja ut,
når livet ligg som solblank dag
– ein må det syngja ut.*

*Ja, lat oss syngja, syngja hågt,
i glede som i sut,
då rømer alt det som er låkt –
det gode, det veks upp.*

*Og difor fylgjer songen mest
den unge jente, og gut,
fordi dei gleda kjenner best
og jublar henne ut.*

Aslaug Vaa

Aslaug Vaa var fødd i Rauland 25. august 1889. Då ho var 3 år, flytte foreldri hennar, Anne Marie og Tor Vaa, til Kviteseid, der Aslaug voks upp.

Som syttenåring og redaktør av fråhaldsavisa «Solvend», skreiv ho diktet *Syng ut* til avisa.

Mor av Aslaug var frå Kviteseid, so Aslaug er nok meir enn halv kviteseidning. Me vil minnast henne – og dikta hennar.



Granlien som det var i 1914.

Granlien

Talet på tuberkulosesmitta personar i Noreg auka mykje i siste halvdel av 1800-talet, og dødsfalla auka tilsvarende. I Telemark auka det frå 168 personar i 1891 til 222 i 1895. Sikre prov på at sjukdomen var smittefarleg blei funne i 1882. Det var ei viktig oppdaging, men hjelpte lite då det endå ikkje fanst verkelege hjelperåder mot sjukdomen.

Noreg var fyrste landet som tok konsekvensane av oppdaginga og vedtok 8. mai 1900 lova som påla legane plikt til melde frå til helserådet om smitteførande personar. Helserådet fekk både rett og plikt til leggja slike personar inn i sjukehus på offentlig rekning, jamvel om personen nekta. Smittefaren gjorde at få sjukehus kunne taka mot slike pasientar. Dei aller fleste måtte vera heime og smitta då ofte ut andre i heimane. Redsla for smitte auka. Mange våga knapt gå inn der det var tuberkulose eller tæring, som var namnet dei fleste bruka. Redsla for smitte fylgde med inn i skulane, og få ville sitja ved sida av born dei trudde var «farlege».

I 1889 blei Johan Marius Heidenreich tilsett som distriktslege i Kviteseid. Han var ein dugande og aktiv lege og gjekk fullt inn for å prøva hjelpa tuberkulose-smitta pasientar. På denne tid blei dei fyrste sjukehus eller sanatorium bygde for slike pasientar i Noreg. Dette var noko som interessera Heidenreich, og han tok opp spørsmålet om å bygge sanatorium i Kviteseid. Etter kvart fekk han mange med seg, og det blei vald ei fylkesnemnd til arbeida med saka. Dei tok til å samla pengar og fekk tilskot frå kommunar, bankar og private og fekk inn bra med pengar. Heidenreich fann ei høveleg tomt i granskogen bortom og ovom øvre Midsund som Tor Vaa åtte. Dei fekk kjøpe tomte for 500 kroner og skjøte blei tinglese 9. november 1912. Det varde ikkje lenge før byggearbeidet kom i gang, og hausten 1914 var huset ferdig og dei fyrste pasientane innlagde. Det var plass til 16, og huset blei fullt straks.

Heidenreich flytte frå Kviteseid i 1912 og fekk såleis ikkje vera noko særleg med i sluttarbeidet. Då han flytte frå bygda, takka herradstyret han hjarteleg for dugande arbeid i dei 24 åra han hadde vore lege i Kviteseid.

På denne tid var luftkuranstaltar mest einaste råda dei hadde mot sjukdomen. Frisk luft frå skog og mark langt frå byar og bystrok var det helsebot i. Pasientane måtte liggje i opne liggehallar under tak i kortare eller lengre tid kvar dag både sommar og vinter.

Det offisielle namnet på stad og institusjon var Granlien tuberkulosehjem. Etter nokre år blei namnet endra til tuberkuloseheim. Bygdefolk flest kalla det sanatorium eller bare Granlien.

Frå fyrst av var kurpengar 2,25 kroner pr. dag. I tillegg måtte kvar betale medisn og spyttflaske. Pasientar som ikkje var innlagde av det offentlege, måtte beta-

le forskot for kvar månad. Alle måtte ha med seg ombyte av klær, 2–3 ombyte av undertøy, 12 lommeterklær, skobyte og yttørtøy etter årstida. Seinare blei det laga ei meir fullstendig liste.

Då fyrste verdskrigen byrja hausten 1914, steig prisane på alle varer, ikkje minst på matvarer. Kurprisen som Sosialdepartementet måtte godkjenne, stod lenge stille og auka seint. Dette var største årsaka til at drifta straks byrja gå på underskot og var i 1918 kome opp i 2.000 kroner. Kommunane ville ikkje betale meir, og det såg spøkeleg ut.

Overlege N. Heitmann som visste korleis det stod til, skreiv i 1918 til distriktslege Ludvigsen i Kviteseid at «det vil være en sørgelig historie om Kviteseid tuberkulosehjem skulde bli foreløbig nedlagt, end solgt til andet brug. Det går ikke ann!» Han ba om nærare opplysningar.

Fylkesmann Hallager skreiv litt seinare same året til distriktslegen at dersom fylket dekker underskotet, vil ein truleg få att 4/10 av staten, men før han gjer noko meir med saka, vil han høyre om ikkje pengane kan skaffast «ad privat vei, hos formuende mænd og institusjoner.»

Det gjekk ikkje, men Granlien raklar og går. I 1921 tok fylkesmannen saka opp på nye med Sosialdepartementet, men derfrå dreg det ut med svar. Når nauda er størst, er hjelpa nærast er eit gamalt ordtak. Så her òg, for i desember i 1922 kom hjelpa. I eit kombinera møte i direksjonen og representantskapet i båtselskapet blei det vedteke å gjeva Granlien ei gåve på 1.000 kroner. Det var ei kjærkomen gåve, og ho kom ikkje åleine heller, for bare nokre dagar etter, kom det brev frå Sosialdepartementet at det kan «efter de foreliggende oplysninger samtykke i at kurlpenger fremdeles kan beregnes efter kr. 8,00 pr. dag» til gjelda er betala, men ikkje lenger enn til 1. juli 1923. På den måten greidde Granlien å betala restgjelda før tidsfristen var ute. Distriktslege Nybø skreiv takkebrev på nynorsk til båtselskapet, og kopi av brevet kom i avisene.

Då det plagsame underskotet var ute av verda, blei det fredeleg og roleg på Granlien – ei stund. Men så kom det klager. Fyrst fordi nokon meiner dei får for lite mat og mjølk og for mykje saltmat. Og så er det styrarinna som står for tur. Ho er «for hård og benytter pasienterne til formeget arbejde». Klagene går til fylkeslegen som skriv attende til dr. Nybø. Fylkeslegen M. Moe har samanlikna matlistene frå to andre tuberkuloseheimar og har funne at matlista på Granlien ikkje er så god som på dei andre. Økonomien må ikkje drivast for vidt, skriv han. Han likar spekesild, men det må vera med måte.

Hausten 1926 har Telemark Kommunistblad eit inserat frå ein ikkje namngjeven innsendar. Han skildrar tilhøva ved Granlien og skriv m.a. at styrerinna «har et humør som en brølende løve» og «utgir sine ordre med sin veldige røst». Så er det stilt ut utpå våren. Då er avisa frampå att og meiner at noko alvorleg må gjerast. Det var så ille at dei tilsette sa opp stillingane ei stund.

Fylkeslegen skriv på nytt til dr. Nybø og bed han finne fram til «vedkommende pasient og få han overflytt til et andet pleiehjem» eller at «bestyrerinden bør ta sin stilling under overveielse. Noget må gjøres, synes jeg, disse skrivelserne skader jo Granlien i høi grad».

Litt utpå nyåret 1928 skriv fylkesmannen at ein pasient på Granlien er flytt til ein annan pleieheim. Etter dette har ein ikkje funne skriftlege klager og stird så det må ha roa seg.

Det kravdes mykje av ein styrar på ein slik heim, då visst i dei dagane då dei fleste hadde små voner om å bli «friske» att. Døden hadde banka på både til unge og eldre. Ikkje rart om det kunne bli gnissingar pasientane i mellom i slike høve. Kva skulle dei taka seg til? Dagane blei lange, nettene også, og livsvonene mangelvare. Somme fann litt avkobling i å spela kort, men andre tok «anstøt» av det og klaga.

Somme av pasientane var med på møte i Fredheim. Omkring 1930 eller litt seinare, kom det ut rykte om at dei ikkje var velsedde der. Då skreiv 37 pinseverer brev til dr. Krog at dette ikkje var rett. Pasientane på Granlien var alle «hjertelig velkommen», skreiv dei.

I 1934 har Fylkesavisen eit anonymt bladstykke om Granlien. Han som skriv har mykje godt å sei om den nye styraren søster Asta og måten ho styrer heimen på. Det er då 20 pasientar, og kurlpengane er 4,25 og budsjettet 25.000 kroner. Mangt er blitt betre på heimen. No er det radiotelefon ved kvar seng, og heimen har fått røntgenapparat til fotografering og gjennomlysing. Legen kan nytte apparata til pasientar og andre utafor Granlien. Utstyret var kostbart, men det hadde fått 9.000 kroner av Vinmonopolpengane og har bare 2.000 kroner i gjeld. Det er stor pågang for å koma inn på Granlien – også frå sjuke utanfor Telemark.

Då Granlitomta i 1912 blei kjøpt, blei det skrive og tinglese ein pantobligasjon på 500 kroner. Obligasjonen blei gløymd bort og ikkje avlesen i rett tid. Då dei i 1935 oppdaga dette og ville få avlese obligasjonen, møtte dei på vanskar. Hypotekbanken sa at slik obligasjon kunne dei ikkje avlesa. Styret for Granlien tok då kontakt med fylkesmann Hegland, som tidlegare hadde vore ordførar i Kviteseid, og ba han hjelpa. Det gjorde han og feii ei slags løysing. Sidan det galdt ein tuberkuloseheim, skulle banken avlesa obligasjonen mot at Granlien betala 500 kroner.

Det var tronge tider i 1930-åra og Granlien som måtte drive så billeg som råd, lyste i 1935 ut at dei trong 20–30 l mjølk kvar dag og bad om tilbod. Gunnar Midtsund baud seg til levere mjølka for 19 øre literen. Odd Loftsgarden ville ha 18 øre, men meieriet baud seg til levere mjølka eit halvt øre under billegaste tilbodet og fekk jobben. Mjølka blei levera ved hovudvegen. Der måtte dei tilsende hende spanna. Året etter hadde prisane gått opp til 21 øre frå same leverandøren.

I åra framover finn ein lite skriftleg om Granlien, men alt tyder på at tilhøva, stellet og maten var så bra at ingen hadde grunn til klage. Største æra for dette hadde nok søster Asta som var styrar til heimen blei nedlagt i 1950. Det var alltid tu-

berkuløse pasientar som ynskte å få plass på Granlien og det blei difor i 1934 bygd inntil så dei kunne taka inn 20 pasientar i alt. I 1939 var det stor reparasjon på taket. Året etter vart huset modernisera, og i 1939 blei det bygd uthus.

I 1937 skreiv ordførar Sig. Rinden til dr. Krog og spurde om kven var eigar av Granlien. Ein tek med mesteparten av svaret dr. Krog sende attende:

– «det var herværende distriktslege Heidenreich som var den lokale drivkraft med å reise hjemmet.

Det blev bestemt visstnok av den samme nemnd, eller av fylket at hjemmet skulle drives av et styre bestående av 3 medlemmer – en valgt av fylket, en valgt av herredstyret samt distriktslegen som tillike er formann.

Hvem som eier Granlien er vanskelig å avgjøre. Det mottar vesentlig pasienter indlagt for offentlig regning og er under offentlig kontroll.

Fylkeslegen inspiserer 1 gang om året. Medisinaldirektøren har vistnok også tidligere inspisert det.

Budsjett og årsregnskap indsendes regelmessig gjennom fylket til medisinaldirektøren og departementet til godkjennelse. Og departementet fastsetter kurpengene.

Årsberetning om driften avgis av undertegnede på det av departementet fastsatte skjema ved hvert nyttår.

I tilfelde driftsunderskudd kan jeg ikke se at nogen person eller institusjon er ansvarlig.

Kurpengene er fastsatt slik at det skal balansere med driften.

Kviteseid 5/1–37 L.Ø. Krog»

Etterord

Forebyggande tiltak som operasjon og BCG-vaksinen saman Streptomycin og Pas som blei tekne i bruk etter krigen, tok «knekken» på tuberkulosen. Det verka slik at Granlien ikkje fekk pasientar og blei nedlagt som tuberkuloseheim i 1950.

Stiftelsen Granlien gav då heimen til Kviteseid Helselag (no Sanitetslag) som i samarbeid med Telemark krets av Norske Kvinners Sanitetsforening dreiv heimen for psykisk utviklingshemma kvinner framover til 1981 då fylkeskrinsen overtok.

Slik tilhøva er i dag, er det uvisst kva heimen kan nyttast til i framtida.

Tor J. Skarprud



*Er det snakk om bøker, anten til skulebruk
eller rett og slett til kos i godstolen,
så tak kontakt med den lokale bokhandel.*

*Ein del har me på lager
og resten skaffar me.*

*Me fører vidare den bokhandel
som Frode og Dag Torp Hansen
bygde opp gjennom mange år.*

Du finn oss no på Mylletorget!

Kviteseid Bok og Papir

3850 KVITSEID

Telefon: (036) 53 515

Aage Haatveit

Tlf (036) 53 278

3850 Kviteseid

*Alltid godt utval
i daglegvarer!*



MORGEDAL TURISTHOTELL

TELEMARK - NORWAY.


3848 Morgedal

Tlf. (036) 54 144



3850 Kviteseid

Telefon (036) 53 431



HANDARBEID
BUNADSYLV

Kviteseid Handelslag

Telefon (036) 53 138

*Me fører alt i daglegvare
og finare kolonial*

Mange gode tilbud

Kjøttvarer frå eiga slakteavdeling

Gunnvor Mandt Øvstøge

3853 Vrådal

PLEDD - SJAL - SJERF - LINLØPARAR



Vi produserer
VINDUER og DØRER
etter DITT ønske

- | | |
|-------------------------------------|-----------------------------------|
| ■ Det originale KOPLEDE vindu | ■ Salufa aluminium + P.v.c. |
| ■ Vinduer m/isoleringsglass (termo) | ■ Ytterdører i heltre FURU |
| ■ Faste karmar | ■ Ytterdører m/aluminium i kjerne |
| ■ H-vinduet | ■ Trefyllingsdører |
| ■ VELUX overlysvindu | ■ Scadania dører (ytter/innerdør) |

Alle disse produktene
kan du kjøpe hos:

NYLAND TREVAREFABRIKK A/S

3850 Kviteeid - Tlf. 036-53 119



*Etter å ha tent bygda i 139 år, skulle
ein kanskje tru at ein vart mosegrodd?*

VI TRUR IKKJE DET . . .

Før som nå - ein moderne bank

**SPAREBANKEN SØR
KVITSEID**

Filialar: Brunkeberg - Vrådal -
Morgedal - Vråliosen